



Ma

Masteroppgåve i nynorsk skriftkultur

Målform – eit identitetsmerke?

Ein kvantitativ analyse av nyare, norske lettlestbøker for born.

Ingrid Maria Løfoll
Mai 2012

Summary:

The thesis investigates similarities and differences between easy-to-read books in "nynorsk" and "bokmål", with a particular focus on how the language forms influence the way such books express both cultural and personal aspects. Given the thesis' focus on language forms, the cultural and personal aspects in the books investigated will be further discussed with regards to identity related conceptions of the users of these forms. One of the aims of the investigation is to make certain claims with regards to the nynorsk children's literature, and in order to evaluate whether and to what degree this particular literature reflects particular conceptions of the nynorsk-users, I have looked further into how these books' content and design relate to various theories of the nynorsk identity.

In the survey at the heart of this investigation, I made a selection of a number of children's books within the easy-to-read category, further leveled to 6–9 year olds, published between 2005 and 2011, by four different publishers. The quantitative survey consisted of 165 books, 26 written in nynorsk and 139 written in bokmål. The survey focused on whether the books were serials, their degree of realism, localization, language, parental involvement, and themes such as bullying and friendship. The survey is followed by a discussion, where particular findings are related to the theories of the nynorsk identity.

Føreord

Denne masteravhandlinga er avlagt ved Ivar Aasen-instituttet ved Høgskulen i Volda, og tek utgangspunkt i forholdet mellom barnelitteratur på nynorsk og barnelitteratur på bokmål. I arbeidet med oppgåva har eg hatt få, men svært gode støttespelarar som har hjelpt meg i skriveprosessen. For det fyrste vil eg rette ei stor takk til Nina Goga ved Høgskulen i Bergen som har vore rettleiar for oppgåva mi og gitt meg gode tilbakemeldingar og innspel i arbeidet. Med sitt engasjement og positive innstilling har ho inspirert meg til å halde oppe framdrifta av arbeidet, og også gjort prosessen lettare ved å gi jamlege, strukturerte tilbakemeldingar og klare råd om tidsbruk på dei ulike fasane av arbeidet. I tillegg har eg sett stor pris på at ho så å seie alltid har vore tilgjengeleg og hatt moglegheit til å gi meg raske tilbakemeldingar anten over telefon eller e-post. Eg vil også takke medstudentar og særskilt lektor Øystein Edvardsen Hide ved Høgskulen i Volda for interessante diskusjonar, muntrande ord og nyttige råd på oppgaveseminara vi har hatt gjennom året. Hide har også hjelpt meg med den engelske oversetjinga av den innleiande oppsummeringa av oppgåva. Takk også til Volda Folkebibliotek og biblioteket ved Høgskulen i Volda for framifrå hjelp og velvilje til å skaffe alle lettlestbøkene og anna litteratur eg trong til prosjektet.

Ei spesiell takk til mor mi Janne for gjennomlesing og språkvask, og til sambuaren min Øystein for stort tolmod og forståing, og for å ha støtta og motivert meg i arbeidet.

Volda, 14. mai 2012

Ingrid Maria Løfoll

Innhald

Summary	2
Føreord	3
Innhald	4
Liste over figurar og tabellar	7
1 Innleiing	8
1.1 Tidlegare forskning	10
1.2 Ikkje berre trening, men også meining	12
1.3 Gangen vidare i oppgåva	14
2 Teoretisk tilnærming	15
2.1 Språk som sosialt fenomen	16
2.2 Skriftsspråk og identitet	19
2.2.1 Statistisk sett	19
2.2.2 Nynorsk: Ikkje eit identitetsmerke, <i>berre</i> eit språk	21
2.2.3 Nynorsk som identitetshandling	22
2.2.4 Den nynorske kulturelle norma	24
2.3 Minoritetsspråkproblematikk knytt til nynorsk	26
2.4 Samanheng mellom teori og materiale	29
3 Metode	30
3.1 Vitskapsteoretiske metodar	30
3.2 Metodar og forskaren si rolle sett i samanheng med vitskapsfilosofi	32
3.3 Val av metode	35
3.4 Vilkår for val av metode	36
3.5 Variablar og analyse	37
3.6 Hypotesar	39
3.6.1 Forklaring til hypotesar	40
3.7 Variablar i undersøkinga	41
3.8 Reliabilitet og validitet	42
3.9 Statistisk signifikans	44

4 Avgrensing av undersøking	48
4.1 Utval	48
4.2 Utdjuping av vurderingsmoment	51
5 Statistisk analyse av resultat frå undersøkinga	53
5.1 Serie/ikkje serie	53
5.2 Grad av realisme	55
5.3 Stad for handling	58
5.4 Språk	60
5.5 Foreldre involvert/ikkje involvert	62
5.6 Mobbing/ikkje mobbing	64
5.7 Venenskap/ikkje venenskap	66
6 Drøfting av funn frå undersøkinga	69
6.1 Statistisk hypotesetesting	69
6.1.1 Flest seriebøker på bokmål	70
6.1.2 Større grad av realisme i nynorskbøkene	71
6.1.3 Størst innslag av bygdemiljø i nynorskbøker og bymiljø i bokmålsbøker	72
6.1.4 Nynorskbøker er mest talemålsnære	73
6.1.5 Flest bokmålsbøker med foreldreinvolvering	74
6.1.6 Størst førekomst av mobbing og andre konflikthar i bokmålsbøker	75
6.1.7 Størst førekomst av venenskap som tema i nynorskbøker	76
6.2 Vurdering av skilnadene	77
6.2.1 Serie/ikkje serie	78
6.2.2 Grad av realisme	78
6.2.3 Stad for handling	79
6.2.4 Språk	79
6.2.5 Foreldre involvert/ikkje involvert	80
6.2.6 Mobbing/ikkje mobbing	80
6.2.7 Venenskap/ikkje venenskap	81
6.3 Kva er årsakene til skilnadene?	81
6.4 Nærstudie av fire bøker	90
6.4.1 Typisk nynorskbok	91

6.4.2 Utypisk nynorskbok	92
6.4.3 Typisk bokmålsbok	93
6.4.4 Utypisk bokmålsbok	94
7 Avslutning	96
Litteraturliste	101
Vedlegg:	
1) Grenseverditabell over Chi-verdi.	106
2) Registreringsskjema bokmål, 6-7 år.	107
3) Registreringsskjema bokmål, 8-9 år.	120
4) Registreringsskjema nynorsk, 6-7 år.	138
5) Registreringsskjema nynorsk, 8-9 år.	140

Liste over tabellar og figurar

Figur 5.1: Prosentvis fordeling av seriebøker etter målform.	53
Figur 5.2: Prosentvis fordeling av seriebøker etter målform og aldersgruppering.	54
Figur 5.3: Prosentvis fordeling av grad av realisme i bøkene etter målform.	56
Figur 5.4: Prosentvis fordeling av grad av realisme i bøkene etter målform og aldersgruppering.	57
Figur 5.5: Prosentvis fordeling av lokalisering i bøkene etter målform.	58
Figur 5.6: Prosentvis fordeling av lokalisering i bøkene etter målform og aldersgruppering.	59
Figur 5.7: Prosentvis fordeling av korleis språket i bøkene er etter målform.	61
Figur 5.8: Prosentvis fordeling av korleis språket i bøkene er etter målform og aldersgruppering.	62
Figur 5.9: Prosentvis fordeling av bøkene som har foreldre involvert etter målform.	63
Figur 5.10: Prosentvis fordeling av bøkene som har foreldre involvert etter målform og aldersgruppering.	64
Figur 5.11: Prosentvis fordeling av bøkene med mobbing og andre former for konflikhtar som tema etter målform.	65
Figur 5.12: Prosentvis fordeling av bøkene med mobbing og andre former for konflikhtar som tema etter målform og aldersgruppering.	66
Figur 5.13: Prosentvis fordeling av bøkene med venskap som tema etter målform.	67
Figur 5.14: Prosentvis fordeling av bøkene med venskap som tema etter målform og aldersgruppering.	68
Tabell 6.1: Samanhengen mellom målform og seriebøker.	70
Tabell 6.2: Samanhengen mellom målform og grad av realisme.	71
Tabell 6.3: Samanhengen mellom målform og lokalisering.	72
Tabell 6.4: Samanhengen mellom målform og språk.	73
Tabell 6.5: Samanhengen mellom målform og foreldreinvolvering.	74
Tabell 6.6: Samanhengen mellom målform og førekomst av mobbing.	75
Tabell 6.7: Samanhengen mellom målform og venskap som tema.	76
Tabell 6.8: Samanhengen mellom grad av realisme og tematikk.	87

1 Innleiing

NYNORSKBRUKARAR BUR ÅLEINE i trekkfulle hus og travar dagstøtt rundt i tunet iført grå, loslitne lusekoffer. Det fins ingen plausible hypoteser rundt korleis dei formeirar seg, men statistikken tilseier at dette er noko dei er særers dårlege på. I staden held dei i hevd sine trauste fritidssysler, som til dømes å kløyve ved—eller å slå plenen med ljå. Ein sjeldan gong ser dei fjernsyn, men då gjerne gjennom stoveglaset til naboen og utelukkande program som tilhøyrer NRK si nynorskvote. Desse programma handlar gjerne [sic] folk som bur på stader der ein eigentleg ikkje skulle tru at *nokon* kunne bu—noko einkvar nynorskbrukar kan kjenne seg att i. Særleg når det handlar om austlendingar (Iversen 2009).

Noko overdrive, men òg eit snev av sanning? Skildringa kan i alle fall stemme med inntrykket av allmenne oppfatningar kring nynorskbrukarar. I denne oppgåva står forholdet mellom nynorsk barnelitteratur og barnelitteratur på bokmål sentralt, og Iversen si framstilling av nynorskbrukaren kastar lys over problematikken eg tek opp i oppgåva. I framstillinga vert nynorskbrukaren stempla som rural, gamaldags, tradisjonsbunden og sær. Er det slik at litteratur skriva på nynorsk er tilpassa ein lesar og/eller farga av ein forfattar med ein slik identitet? Kan ein finne att liknande førestellingar om ein nynorsk identitet i barnebøkene? Med utgangspunkt i desse innleiande spørsmåla har eg formulert problemstillinga for denne oppgåva slik:

Kommuniserer dei nynorske barnebøkene ein spesiell identitet som følgje av førestellingar kring brukarane av den nynorske målforma?

For å undersøkje om den nynorske barnelitteraturen reflekterer spesielle førestellingar kring brukarane av den nynorske målforma, har eg sett på korleis bøkene, med tanke på innhald og utforming, samsvarer med ulike teoriar som finst om nynorsk identitet. Hovudfokuset mitt dreiar seg altså om korleis bøkene gir uttrykk for kulturell og personleg berøring i form av å gjenspegle dei haldningane, normene og verdiane ein ser føre seg den stereotype nynorskbrukaren har. Eg har valt å gjere ei kvantitativ undersøking, og for å avgrense oppgåva har eg sett på lettlestbøker gitt ut i tidsromet 2005-2011 for aldersgruppa 6-9 år. I utvalet har eg ikkje berre teke med bøker på nynorsk, men òg bøker på bokmål for å ha noko å samanlikne nynorskbøkene med. Slik vil eg kunne undersøkje om nynorskbøkene skil seg ut og kommuniserer ein spesiell identitet.

I utgangspunktet kan ein tenkje seg to årsaker til eventuelle funn av skilnader mellom lettlestbøker på nynorsk og lettlestbøker på bokmål. For det fyrste kan det tenkjast at ein kan knyte forskjellige gruppeidentitetar til forfattarane som skriv bokmål og forfattarane som skriv nynorsk, og at desse særmerkte identitetane kjem til syne gjennom bøkene¹. For det andre kan eventuelle skilnader tenkjast å oppstå på grunn av forfattarane sine oppfatningar av ulike identitetar knytt til den bokmålske og den nynorske barnlege lesaren. For å treffe lesaren best mogleg vil forfattarane slik gjere ulike tilpassingar av teksten, alt ettersom om boka er meint for ein nynorsk eller ein bokmålsk lesar. Årsaksforklaringar til eventuelle funn føreset slik erkjenning av og fokusering på det kommunikative aspektet ved ein tekst.

¹ Føresetnaden for dette er at boka er gitt ut på original målform, og at forfattaren ser målforma ho har brukt som sitt hovudmål.

1.1 Tidlegare forskning

Det finst etter måten lite forskning på temaet lettlestlitteratur. Størsteparten av arbeid og artiklar som omhandlar temaet, ser lettlestlitteraturen som tilrettelagt litteratur for menneske med ulike former for lesehemningar. Eit utval artiklar med denne vinklinga finn ein i boka *Skapt for å deles – om tilrettelagt litteratur* (Gunnes mfl. 2006). Her vert ulike former for tilrettelagt litteratur for menneske med lesevanskar presentert og artikkelforfattarane gir tips til korleis ein kan formidle og gjere kjent denne typen litteratur. I dette ligg det også eit fokus på kvifor lesing er viktig og korleis ein kan skape motivasjon for lesing hjå grupper som i utgangspunktet er negative til lesing. Eit unntak frå artikkelforfattarane i boka som drøftar lettlestlitteratur som litteratur for menneske med lesehemningar, er Anne-Stefi Teigland.

Til liks med mitt utgangspunkt for denne oppgåva, vel Teigland å sjå lettlestlitteratur som eit tilbod for born som nettopp har knekt lesekoden og kan byrje å lese på eiga hand. I artikkelen 'Lettlestbøker – for hvem?' (2006) ser ho med eit kritisk blikk på lettlestbøker som fenomen. Ved å stille spørsmål ved forlaga sine satsingar på lettlestbøker, kven bøkene er meint for og kva som karakteriserer desse bøkene, problematiserer ho dagens lettlesttilbod. Ho peiker på at lettlestbøker er meint å vere eit tilbod for born som nettopp har lært seg å lese og treng øving. Det viktigaste føremålet med bøkene vil difor vere å stimulere til leselyst og vekkje interesse for litteratur. Teigland meiner her at bøkene i kategorien "lettlest" stiller svakt. Denne påstanden grunngjev ho med at svært mange av lettlestbøkene manglar ei god forteljing, som ho reknar som essensielt for at ei bok skal vere leseverdige. I tillegg til mangel på gode forteljingar rettar Teigland kritikk mot utveljinga av lettlestbøker, fordi ho finn manglande eller lite samsvarande retningslinjer hjå forlaga i høve til kva som vert karakterisert som lettlestlitteratur. På bakgrunn av dette meiner Teigland ein bør vere varsame med å sjå

stempelet ”letlest” som ein kvalitetsgaranti. Frå forlaga si side må letlestkonseptet heller sjåast som marknadsretta og salsfremjande tiltak, meir enn eit ynskje om å gi den tidlege lesaren eit boktilbod tilpassa sin situasjon.

Som Anne-Stefi Teigland, er Inger Østenstad ei av dei som forstår letlestlitteratur som litteratur for born som nettopp har knekt lesekode. I artikkelen ‘Letlestbøker til besvær’ (2007) legg Østenstad fram mykje av den same kritikken som Teigland. Også ho stiller spørsmål ved kvaliteten på letlestbøkene, kven bøkene er meint for og kva som er forlaga si drivkraft bak den store mengda letlestbøker på marknaden. Som Teigland uttrykkjer Østenstad altså skepsis til kor eigna letlestbøkene er til å skape lese lyst og auke lesedugleiken hjå unge lesarar. Med strenge krav til leselegheit og form peiker ho på at letlestbøker er ein utfordrande sjanger som set store krav til forfattar, illustratør og forleggar. Østenstad viser til Anne Marit Godal i foreininga Leser søker bok² si oversikt over kriterium for at ei bok skal vere letlest. Godal støtter seg på Ingolv Austad (1994) sine omgrep brukt i artikkelen ‘Letlestbøker og lesbarhet: bøker som er lette å avkode og lette å forstå’; leselegheit, lesverdighet og lesbarheit, og meiner at det er tilhøvet mellom desse tre faktorane som avgjer om ei letlestbok er god³. På grunnlag av dette dreg Østenstad fram ei rekkje døme på forfattarar som meir eller mindre har lukkast i å skape ei god letlestbok og korleis utforminga av letlestbøkene frå ulike forlag varierer. Poenget Østenstad vil fram til er at ”[s]om de første bøkene mange barn leser, og kanskje de eneste også, er det viktig at letlestbøkene ikke overses, men diskuteres og kvalitetsbedømmes” (Østenstad 2007).

² Leser søker bok er ei foreining samansett av fleire organisasjonar som arbeider for å byggje opp eit tilbod med bøker tilpassa ulike leseevner (sjå <http://www.lesersokerbok.no>).

³ ”**leselighet** – om en tekst er visuelt lett tilgjengelig, **lesverdighet** – om bøker som vekker leserens interesse og motivasjon og **lesbarhet** – som har med språklige forhold i teksten å gjøre” (Godal 2006).

Teigland og Østenstad sine artiklar frå 2006 og 2007 kan sjåast som eit framhald av Ingeborg Westerheim sin artikkel 'Om lettlestbøker og leseglede' frå 2003. Til liks med dei to andre ser Westerheim lettlestlitteratur som litteratur tenkt for born som nettopp har lært seg å lese og stiller spørsmål ved kvaliteten til lettlestbøker. I artikkelen viser ho til resultat frå lesetestar der norske skuleborn har mykje dårlegare lesekompetanse samanlikna med born frå naboland som Finland og Sverige og at Noreg også ligg langt nede på statistikken over lesekompetanse internasjonalt sett. Westerheim spør seg om lettlestbøkene kan vere årsaka til dette.

Lettlestbøkene vert sterkt marknadsførte mellom anna gjennom leseaksjonar og det er desse vi tilbyr den tidlege lesaren. Etter ein gjennomgang av 13 lettlestbøker frå Damm forlag kunne Westerheim ikkje finne ei einaste bok ho kunne karakterisere som ei verkeleg god barnebok. Når leseforskarar slår fast at den einaste måten å bli ein god lesar på er å lese mykje, og den litteraturen vi kan tilby den tidlege lesaren er dårlege lettlestbøker som ein misser interessa av, konkluderer Westerheim med at det kanskje ikkje er rart Noreg kjem dårleg ut i leseundersøkingane.

1.2 Ikkje berre trening, men også meining

Tidlegare forskning fokuserer altså på lettlestlitteratur som reiskap for å fremje lesedugleik. Å oppnå god lesedugleik er viktig for læring i alle skulefag og for å fungere i samfunnet elles. Lesing er difor, som ein av fem grunnleggande dugleikar, sterkt fokusert i læreplanverket i Kunnskapsløftet for grunnskule og vidaregåande opplæring (Utdannings- og forskningsdepartementet 2011). Som Westerheim nemner kjem det likevel stadige signal om svake lesedugleikar hjå norske elevar. Ifølgje PIRLS, ein internasjonal studie av lesedugleik på fjerde klassetrinn frå IEA⁴, kjem Noreg på 35. plass av dei 42 landa og statane som deltok i

⁴ IEA er ei forkorting for The International Association for the Evaluation of Educational Achievement.

undersøkinga i 2006. Samanlikna med naboland som Sverige, Danmark og Russland viste undersøkinga at norske elevar hadde mykje dårlegare lesekompetanse enn desse⁵. Same undersøking vart igjen gjennomført i 2011, men resultatata vert ikkje offentleggjorde før i desember 2012. I forhold til eventuelle verknader av Kunnskapsløftet som vart innført i 2006, er dei tilgjengelege resultatata frå denne undersøkinga i utgangspunktet altså irrelevante. Likevel kan resultatet frå 2006 seie oss noko om ein ser det i forhold til dei årleg utførte nasjonale leseprøvene og utviklingstendensen dei viser i høve lesedugleik hjå dei yngste elevane. For resultatata frå 5. klasstrinn har utviklinga gått i positiv retning frå dei nasjonale prøvene vart innført i 2007-2008 og fram til i dag. Resultata viser ei svak auke i prosentdelen elevar på høgste meistringsnivå og litt nedgang i prosentdelen på dei to lågare meistringsnivåa⁶. Av dette kan ein trekkje slutninga om at lesedugleiken har betra seg, men mest truleg framleis ikkje er så langt unna resultatet frå PIRLS i 2006. Dårlig lesedugleik er difor ei aktuell problemstilling også i dag.

Det sentrale spørsmålet dreier seg naturleg nok om kva desse svake resultatata i lesing kan skuldast. Mykje av litteraturen vi tilbyr dei heilt unge og ferske lesarane er bøker som inngår i lettlestkonseptet. Kan ein leggje skulda på kvaliteten ved desse slik Teigland, Østenstad og Westerheim antydar? Dersom born skal lese mykje og trene seg opp til å bli gode lesarar er motivasjon og leselyst avgjerande. For å oppnå og ivareta dette må litteraturen opplevast som meningsfull for barnet. Litteraturen må då gi rom for kjensleopplevingar og attkjening og slik vere eit springbrett for tankar, idear og fantasi (Mjør mfl. 2007:222ff.). Kan årsakene til dei dårlege resultatata skuldast at lettlestbøkene inneheld forteljingar som ikkje er meningsfulle for lesaren?

⁵ Utdanningsdirektoratet (2011).

⁶ Utdanningsdirektoratet, Skoleporten (2012).

Trass i at oppgåva mi rører ved spørsmål som opptek tidlegare forskning på lettlestlitteratur, er fokuset annleis i mi oppgåve. Medan Teigland, Østenstad og Westerheim er opptekne av leselyst som middel for å fremje lesedugleik, ser eg leselyst som mål i seg sjølv. Gjennom undersøkinga av korleis lettlestbøker gir uttrykk for kulturell og personleg berøring ynskjer eg å auke forståinga av kor vidt og korleis litteratur kan gi meining for den barnlege lesaren. I staden for å fokusere på kvalitet som viktig for å oppnå resultat innanfor lesedugleik, vil kvalitetsaspektet i oppgåva mi altså meir dreie seg om den opplevinga barnet får av eigen identitet og kultur gjennom lesing og verdien av dette.

1.3 Gangen vidare i oppgåva

Etter innleiinga held eg fram med kapittel 2, der eg diskuterer kor vidt det eksisterer ein spesiell identitet knytt til brukarane av det nynorske skriftspråket og i tilfelle kva denne identiteten er og korleis den vert framstilt. Kapitlet handlar altså om å presentere teoriar som kan kaste lys over dei identitetane eg stiller spørsmål ved om ein kan finne att i utvalet lettlestbøker. Deretter, i kapittel 3, går eg inn på metode og metodeval i forhold til denne oppgåva. I kapittel 4 gjer eg greie for avgrensingar eg har gjort i oppgåva, både av utval og korleis variablane i undersøkinga er definert. I kapittel 5 gir eg ein deskriptiv presentasjon av resultata frå den kvantitative undersøkinga. I kapittel 6 drøftar eg resultata frå undersøkinga gjennom statistisk hypotesetesting, utdjupande vurdering og årsaksforklaringar. Tilslutt eksemplifiserer eg funna ved å sjå nærare på fire bøker frå utvalet som representerer typiske og utypiske bøker frå begge målformer. I kapittel 7 gjer eg ei oppsummering av oppgåva og legg fram nokre innspel til vidare forskning.

2 Teoretisk tilnærming

Granskinga er basert på dei førestellingane eg har kring identiteten til brukarane av nynorsk og bokmål. Momenta eg har sett etter for å samanlikne bøkene med kvarandre⁷, spring altså ut frå ei rekkje hypotesar utforma på grunnlag av desse førestellingane. Utgangspunktet for undersøkinga er altså at målform kan reknast som eit identitetsmerke. Men er det verkeleg slik? Kan ein finne ulike kulturelle normer knytt til gruppering av skriftspråkbrukarar, slik at dei som brukar same målform har fleire ting til felles enn at dei skriv anten nynorsk eller bokmål? For å kunne samanlikne funna med noko meir enn mine egne oppfatningar, vil eg i det fylgjande leggje fram ulike teoriar og andre undersøkingar knytt til samanhengen mellom skriftspråk og identitet, spesielt med fokus på det nynorske målforma.

For ei grunnleggande innføring i forholdet mellom språk og identitet er Rolv Mikkell Blakar sine teoriar kring temaet frå 1970-talet sentrale. I seinare tids forskning er Brit Mæhlum ei av dei som har vidareført desse tankane og meir inngåande gjort utgreiingar av samanhengen mellom språk og identitet. For å vise kva språkoppfatning som må liggje føre for å hevde at målform kan reknast som identitetsmerke, vil eg starte teorikapitlet med å vise til den vinklinga Blakar og Mæhlum tek til temaet. Vidare går eg meir direkte inn på forholdet mellom identitet og det nynorske skriftspråket ved å presentere ei statistisk undersøking av kven nynorskbrukaren er, gjort av Ottar Hellevik. Deretter viser eg til Jan Terje Faarlund sine meiningar om korleis ein bør tolke slik statistikk i høve forholdet mellom identitet og skriftspråk. Vidare baserer eg meg på Lars S. Vikør sine tankar om kva rolle nynorsk har som identitetshandling for brukarane av språket, og ved hjelp av Stephen J. Walton sine innspel på

⁷ For spesifisering av moment, sjå variablane i vedlegg 2, 3, 4 og 5 eller delkapittel 3.7 Variablar i undersøkinga.

temaet seier eg litt om kvifor nynorsk har den rolla det har. Til slutt ser eg på kva identitetar som vert knytt til førestellinga om det nynorske mennesket, og kva konsekvensar dette får for nynorskbrukarane.

2.1 Språk som sosialt fenomen

I boka *Kontakt og konflikt. Språk og kommunikasjon i familie og samfunn* frå 1977

presenterer Rolv Mikkell Blakar reaksjonar på og vidareføringar av analysar som han la fram i boka *Språk er makt* (1973). I *Språk og makt* er språk sett på som eit sosialt fenomen og analysane er på ulike måtar med på å illustrere korleis makt kan utøvast gjennom språk og språkbruk. I reaksjonane på og vidareføringane av *Språk og makt* følgjer ei utdjuping av språket som sosialt fenomen. For å gå nærare inn på språket som sosialt fenomen vel Blakar å fokusere på kommunikasjonshandlinga i språket. I dette ligg det at avsendar i ein kommunikasjonssituasjon ikkje kan sjåast som ein passiv formidlar som nøytralt overfører informasjon til mottakar av budskapen. Derimot må avsendar sjåast som aktivt skapande, i den forstand at avsendar meir eller mindre medvite set sitt preg på budskapen og påverkar mottakar gjennom kommunikasjonshandlinga. Meir utførleg vil kommunikasjonshandlinga bli påverka av avsendar sitt forhold til det han snakkar om, språket eller mediet han eller ho brukar, seg sjølv og den sosiale situasjonen kommunikasjonshandlinga inngår i. Ved å sjå avsendar som aktiv aktør i kommunikasjonshandlinga understrekar Blakar at ”det er gjennom språket vi aktivt grip og forstår (konseptualiserer), ja delvis skaper (konstruerer) den sosiale realiteten” (Blakar 1977:87). Som ei følgje av dette hevdar Blakar at det er gjennom språket vi forstår oss sjølve, vår eigen identitet.

Dei nye tankane om ein samanheng mellom språk og identitet som Blakar presenterte på 1970-talet har fått stor tilslutnad i seinare tids språkforskning. Til dømes kan ein trekkje fram Brit Mæhlum som har bidrege med interessante innspel og drøftingar i høve temaet. I artikkelen 'Språk og identitet' (2008) drøftar ho samanhengen mellom språk og identitet ved å sjå nærare på ulike oppfatningar av identitetsomgrepet. Ho vel å sjå identitetsomgrepet i eit idéhistorisk lys og brukar retningane essensialisme og konstruktivisme for å forklare korleis ein kan oppfatte identitet på ulike måtar. Med ei essensialistisk oppfatning vert identitet sett på som noko permanent og medfødd. Språket vil då kunne oppfattast som ei avspegling av identiteten til eit menneske. Ifølgje ei konstruktivistisk oppfatning vil identitet derimot vere noko forandreleg som dannast over tid i møte med kulturen rundt. Variasjonar⁸ i språket mellom bruk i ulike situasjonar må difor ikkje oppfattast som brot med korleis eit menneske eigentleg er, men som eit uttrykk for eit menneske sin samansette og forandrelege identitet. Samanhengen mellom språk og identitet, altså kor vidt språket kan reknast som ei avspegling av identiteten, vil slik vere avhengig av korleis ein vel å forstå omgrepet identitet. Sjølv vel Mæhlum å basere seg på ei forståing av identitetsomgrepet som ein kombinasjon av desse to retningane. I ei slik forståing vert identitet oppfatta både som variabel og stabil på same tid, i den forstand at dei delane av identiteten som skiftar etter situasjonen også bidreg til å forandre det meir stabile over tid.

Forståinga Mæhlum vel å basere seg på opnar opp for eit syn på språk som ein av dei mest vitale og identitetsskapande faktorane hjå mennesket, fordi ein tenkjer seg at det gjennom språket oppstår det som gjerne vert kalla identitetsforhandlingar. Språket har ein avgjerande funksjon i sosialiseringssprosessen som reiskap for samhandling, og gjennom oppfatning av

⁸ Ifølgje tilpassingsteorien varierer vi talemålet vårt avhengig av mellom anna kven vi snakkar med. Anten nærmar vi oss samtalepartnaren sin måte å snakke på (konvergering), eller så opprettheld vi eller aukar skilnadene i høve samtalepartnaren sin måte å snakke på (divergering) (Mæhlum 2008:112).

andre sine reaksjonar i samhandlinga vert vi stand til å reflektere over oss sjølve og slik danne oss eit bilete av vår eigen identitet. Forhandlingane dreier seg altså om ein kontinuerleg vekselverknad mellom eigne og andre sine oppfatningar av eigen identitet (Mæhlum 2008:111). Den amerikanske filosofen og sosialpsykologen George Herbert Mead forklarar dette forholdet gjennom sin teori om symbolsk interaksjonisme, der andre sine reaksjonar vert skildra som ein spegel som vi "ser" oss sjølve i (Imsen 2005:37). Også den franske hermeneutikaren og kulturfilosofen Paul Ricœur ser på identitet og også kultur som noko ein først opplever og forstår gjennom språkleg samhandling med andre (Nicolaysen 1997:100).

Med utgangspunkt i ei slik forståingsramme konkluderer Mæhlum med at eit individ si oppleving av sin eigen sosiale og kulturelle tilhøyrslø vil "langt på vei være bestemmende for hvilke atferdsmønstre vedkommende faktisk velger – også språklig" (Mæhlum 2008:125).

Som språkforskarane Robert Le Page og Andrée Tabouret-Keller uttrykkjer det vil språkhandlingar då vere "acts of identity" (Le Page & Tabouret-Keller 1985:14). Mæhlum understrekar likevel at individet på same tid vil kunne tilpasse åtferda si i høve det som vil vere mest føremålstenleg i ein bestemt situasjon. Støtte for oppfatninga av eit nært forhold mellom identitet og språkhandlingar kan ein også finne hjå den russisk-svenske barnelitteraturforskarane Maria Nikolajeva som skriv om korleis ytringane til barnelitterære karakterar ofte er viktig for karakteriseringa av dei. Ho skriv at "(q)uite a number of children's writers employ various deviations from standard educated speech as a characterization device" (Nikolajeva 2002:238) og trekkjer fram bruk av "dialect", "sociolect" og "genderlect" i ytringane som døme på avvik frå standardisert tale. Nikolajeva påstår at dette kan fortelje noko om ein karakter si geografiske lokalisering, sosiale gruppetilhøyrslø og kjønn. Ifølgje Nikolajeva bidreg dette til "[...] the creation of plausible characters" og "[...] adds authenticity to the story" (Nikolajeva 2002:238).

2.2 Skriftspråk og identitet

Til liks med Nikolajeva, er det truleg fyrst og fremst talespråket Mæhlum har i tankane når ho drøftar forholdet mellom språk og identitet. Det interessante for denne oppgåva er å undersøkje om også skriftspråket, til liks med talemålet, kan reknast som ei identitetshandling. I det følgjande vil eg leggje fram teoriar og andre arbeid som kan kaste lys over om, og eventuelt kva slags, særeigne identitetar som vert knytt til brukarane av den nynorske målforma, og såleis om skriftspråk kan reknast som ei identitetshandling.

2.2.1 Statistisk sett

Ottar Hellevik (2001) har undersøkt kven nynorskbrukaren er statistisk sett. Med utgangspunkt i intervjuprosjektet Norsk Monitor (NM) i regi av marknads- og meiningsmålingsinstituttet MMI, har han gjort eit forsøk på å finne ut kva som kjenneteiknar dagens nynorskbrukarar. Med utgangspunkt i sosiale kjenneteikn som kjønn, alder, region, bustad og utdanning ser han på variasjonar innanfor målbruk. Medan bustad, både når det gjeld delinga mellom by og land eller samanlikning av geografiske regionar, har mykje å seie for målvalet, finn ein liten eller ingen skilnad ut frå alder, utdanning og kjønn. Hellevik finn mellom anna at det er heile 38 % av dei som lever i landdistrikt på Vestlandet som føretrekkjer nynorsk, samanlikna med 2 % i byar i landet elles. Vidare vert målbruk kopla til geografisk plassering, dei såkalla motkulturane⁹ og EU-syn. Av statistikken finn Hellevik mellom anna at flest nynorskbrukarar er busette i nynorskkommunar på Vestlandet, men at så mykje som ein fjerdedel er busette i ikkje-nynorskkommunar utanfor Vestlandet. Vidare finn Hellevik at det er fleire nynorskbrukarar enn bokmålsbrukarar som svarar at dei er personleg kristne og fleire nynorskbrukarar enn bokmålsbrukarar som svarar at dei aldri smakar alkohol.

⁹ Lekmannskristendom og fråhaldsrørsla, i tillegg til målrørsla.

I høve verdispørsmål er det størst prosentdel av dei som føretrekkjer å lese nynorsk som har ei tradisjonell framfor ei moderne verdiorientering. Vidare er det fleire med idealistisk enn med materialistisk verdiorientering og fleire med radikal enn med konservativ verdiorientering i utvalet av dei som føretrekkjer å lese nynorsk. Hellevik summerer opp med å slå fast at ”Den lågaste førekomsten av nynorskbrukarar finn vi blant personar med eit moderne, materialistisk og konservativt verdisyn [...]” (Hellevik 2001:124). Ved å slå fast at val av målform ikkje berre vert påverka av kvar ein bur, men også av kva verdisyn ein har, stiller Hellevik spørsmål ved om ein også kan finne samanhengar mellom målform og politiske partival.

Hellevik freistar altså å undersøkje om det finst eit politisk særpreg knytt til nynorskbrukarane. Av statistikken finn han at dette er tilfelle, og at flest nynorskbrukarar, uansett bustad, stemmer Senterpartiet, medan Venstre og Kristeleg Folkeparti kjem på andre og tredje plass. Til liks med dei tre mest populære partia ligg også talet på nynorskbrukarar som stemmer på Rød Valgallianse over snittet for befolkninga. Når det gjeld skilnader mellom nynorskbrukarar som bur i ei nynorskkommune og dei som ikkje gjer det, gjer Rød Valgallianse og Sosialistisk Venstreparti det betre hjå nynorskbrukarar som ikkje er busett i ei nynorskkommune enn i noka anna gruppe. Hellevik peiker til slutt på at dei politiske tendensane ein kan knyte til nynorskveljarane stadig har vorte meir særprega i løpet av perioden for monitormaterialet, 1985-1999. Til slutt freistar Hellevik å sjå på utviklingstendensar og drøfte framtidsutsiktene for nynorsken. Han spår at endringar i verdiklimaet i form av større oppslutnad kring moderne og materialistiske verdiar vil gjere at nynorskprosenten vil gå ned i dei komande åra.

2.2.2 Nynorsk: Ikkje eit identitetsmerke, *berre* eit språk

Jan Terje Faarlund har i artikkelen 'Nynorsk og bokmål – tilhøvet mellom det allmenne og det spesielle' (1996) drøfta språksituasjonen i Noreg i eit historisk lys. Spesielt er han oppteken av språket sin funksjon som markør for ei gruppe andsynes samfunnet rundt, i den forstand at eit språk tek stilling som ein motsetnad til eit anna språk. Utover på 1800-talet vaks kjensla av at norsk språk var eit anna enn dansk og trongen til eit norsk skriftspråk vart stetta av at "Det norske Folkesprog"¹⁰ vart sidestilt med "Det almindelige Skrift- og Bogprog"¹¹ i jamstillingsvedtaket i Stortinget i 1885. Dette gjorde at "Det norske Folkesprog" fekk status som det ekte norske språket, medan "Det almindelige Skrift- og Bogspråk" vart oppfatta som dansk. Nynorsk, eller landsmålet, vart dermed eit symbol på den norske nasjonen. Faarlund peiker på at sjølv om bokmål framleis er det språket nynorsken konkurrerer mot, kan ein ikkje bruke nasjonale argument for å fremje nynorsk i Noreg i dag. I dag er det klare skilnader mellom bokmål og dansk, og bokmål vert ikkje lenger oppfatta som framandt eller unorsk. Faktisk vert bokmål brukt synonymt med "norsk" blant elevar i bokmålsstrøk. I staden for å vere eit symbol på nasjonalstaten vil nynorsk, om det i det heile kan sjåast som eit identitetsmerke, fungere som ein markør på ei folkegruppe innanfor staten Noreg.

Faarlund er derimot av den oppfatning at nynorsk ikkje kan reknast som ein gruppemarkør og difor, med bortfallet av nasjonale argument, må reknast som *berre* eit språk. Han meiner altså at det ikkje finst felles kjenneteikn ved nynorskbrukarane som kan definere dei som ei spesiell folkegruppe. I argumentasjonen for dette tek Faarlund høgde for statistiske resultat på linje

¹⁰ "Det norske Folkesprog" bygde på Ivar Aasen si ordbok og grammatikk, basert på dei norske dialektane (Faarlund 1996:39).

¹¹ "Det almindelige Skrift- og Bogprog" var den allereie eksisterande dansk-norske skriftspråknormalen (Faarlund 1996:39).

med dei Hellevik (2001) presenterer, men avfeiar dei med at "[d]et er ingen av desse faktorane som definerer ei gruppe som stort sett fell saman med gruppa nynorskingar" (Faarlund 1996:42). Trass i at han nemner at det statistisk sett er fleire bygdefolk, Nei- folk i høve EU-spørsmålet, senterpartiveljarar, fråhaldsfolk og lekmannskristne blant nynorskbrukarane i Noreg, ser han altså ikkje desse faktorane som så dominerande og eintydige at dei kan reknast som kjenneteikn på nynorskbrukarane. Han konkluderer med at nynorskbrukarane ikkje har noko anna til felles enn at dei brukar same skriftspråk og at nynorsk difor ikkje kan reknast som identitetsmerke for ei gruppe.

2.2.3 Nynorsk som identitetshandling

Sjølv om Faarlund (1996) vel å konkludere med at nynorsk ikkje kan reknast som identitetsmerke er det ikkje sagt at dette stemmer overeins med kva funksjon nynorskbrukarane sjølve, og for så vidt også andre, legg i det nynorske skriftspråket. Faarlund peiker sjølv på at nynorsk har symbolverdi for dei som brukar det i form av at det er skriftspråket deira, og for alle nordmenn fordi Noreg ville ha blitt kulturelt fattigare utan to skriftspråk. I artikkelen 'Nynorsk skriftkultur sett i nordisk lys' (1996) går Lars S. Vikør grundigare inn på tanken om skriftspråk som identitetshandling. Føringane Vikør legg for å freiste å gi skriftspråk status som identitetshandling er at skriftspråket må vere eit minoritetsspråk eller eit språk som kan reknast å ha minoritetsproblem. I høve språksituasjonen i Noreg meiner Vikør, til liks med Faarlund, at nynorsk står i ein situasjon lik den ein finn hjå minoritetsspråk, der minoritetsspråket står i eit motsetnadsforhold til og konkurrerer mot majoritetsspråket i eit land.

Med utgangspunkt i nynorsk som eit språk med minoritetsproblem set Vikør opp ei rekkje punkt som skildrar funksjonane den nynorske skriftkulturen har for brukarane i høve identifikasjon. Ifølgje Vikør er funksjonen til den nynorske skriftkulturen; å sikre dei som bur i kjerneområda¹² ein regional identitet, å gi nynorskbrukarane ei kjensle av å vere frå Bygde-Noreg og marginalisert frå storsamfunnet, å ivareta ein viktig del av den nasjonale litterære felleskulturen, å vere eit uttrykk for eit personleg val og slik ein personleg identitet, å vere eit skriftleg uttrykk for dialektane og slik eit uttrykk for ein dialektbasert identitet og å vere eit uttrykk for nasjonalhistorisk identitet.

Som ein kommentar til Vikør si framstilling av dei ulike behova den nynorske skriftkulturen kan stette hjå brukarane viser Stephen J. Walton (1999:12ff.) til at nynorskkulturen har teke ei postmoderne retning. For det fyrste har nynorskkulturen gått frå å ynskje å vere eit symbol på nasjonen til eit ynskje om å representere ein regional identitet. Vidare er den sjølvcentrerte modernistiske ideen om nynorsk som den einaste verkeleg norske målforma vorte erstatta med ein sjølvmarginiserande tankegang, der nynorskkulturen representerer Bygde-Noreg og står i kontrast til storsamfunnet. Til sist peiker Walton på korleis identifiseringspunkta framhevar individualismen. "Når Vikør skriv om nynorsken som personleg val, opnar han for ei tilnærming til nynorskkulturen som postmoderne livstilsvariant" (Walton 1999:12). Valet ein gjer når ein brukar nynorsk er medvite, på same måte som det vil vere om ein tek eit nasjonalhistoriserande eller eit dialektbasert identifikasjonsstandpunkt til nynorskkulturen. Ein vel å skrive nynorsk, ein vel å leve eit etnisk norsk liv, eller ein vel å skrive i-mål for å markere identitet i mylderet av andre, meir dominerande livsstilar i eit postmoderne samfunn.

¹² "Nynorskens kjerneområde som primærspåk på alle samfunnsområder er det meste av landsbygda og en del tettsteder på Vestlandet pluss fjellbygdene i Nord-Gudbrandsdal, deler av Valdres og Hallingdal, Vest-Telemark og Setesdal" (Vikør 2012).

På same tid som Walton viser korleis den nynorske skriftkulturen har vorte påverka av det postmoderne samfunnet og fått eit sjølvmarginiserande uttrykk, peiker han på at det framleis er rom for å forstå nynorsk som eit nasjonalt samlingsmerke. Dette tilsynelatande paradoksale forholdet er mogleg fordi ”det nasjonale har gjenoppstått under det postmoderne som meiningsfylt forståingshorisont hos ein god del menneske” (Walton 1999:20). I det mangfaldige postmoderne samfunnet, prega av sosial og kulturell fristilling og få stabile haldepunkt i tilværet, kan nynorsk fungere som nasjonalt samlingsmerke fordi denne skriftkulturen ber med seg verdiar som tidlegare har vore knytt til Noreg som nasjon. Walton eksemplifiserer dette allmenne behovet for tilhøyrsløse til nasjonen ved å peike på dei uventa og positive reaksjonane frå heile landet i samband med feiringa av Aasen-året i 1996¹³.

2.2.4 Den nynorske kulturelle norma

Som Vikør, har Aslaug Nyrnes valt å nærme seg den nynorske skriftkulturen på ein sosialantropologisk måte. Men medan Vikør fokuserer på kva funksjonar i høve identifikasjon det nynorske skriftspråket faktisk kan ha for brukarane sjølve, legg Nyrnes meir vekt på kva identitetar som er ynskjelege å knyte til det nynorske mennesket. I *Det (ny)norske mennesket* (1985) presenterer ho resultatane frå ei litterær analyse ho gjorde av 1927-årgangen av familiebladet ”For Bygd og By”. Nyrnes ser bladet som eit tilskot i arbeidet med å etablere ei nynorsk kulturell norm, og i analysen ynskjer ho å synleggjere den mennesketypen som vert framstilt i bladet som representant for denne norma. Med andre ord ynskjer Nyrnes å identifisere grunnlaget for ideen om ein nynorsk idealtipe, det ho kallar *det (ny)norske mennesket*.

¹³ Aasen-året var ei ”landsdekkande markering av hundreårsminnet for Ivar Aasens død” (Grepstad, 2012).

I bladet "For Bygd og By" vert den kulturelle norma framstilt gjennom ei rekkje kulturelle aktivitetar, objekt og personar. I ungdomen skal det (ny)norske mennesket drive med ulike folkeaktivitetar som å gå på ski, spele fele, og drive med folkedans, amatørteater og målskriving. Desse aktivitetane er institusjonaliserte gjennom Noregs Ungdomslag. I tillegg til å vere aktivt medlem i Noregs Ungdomslag skal det (ny)norske mennesket også vere med i Noregs Mållag, ha gått på folkehøgskule og gjerne også landsgymnas eller landbruksskule. I det vaksne liv skal det (ny)norske mennesket flytte heim til bygda, gifte seg og drive med kulturelle aktivitetar fyrst og fremst knytt til heimen. I høve kosthald handlar det meste av stoffet om kvardagskost som skal bestå av grønnsaker, mjølk- og kornprodukt. Maten skal vere sunn og billeg. Også klesmoten, innbuet og byggjeskikken skal ha eit nøkternt uttrykk og vere økonomisk nøysam, men samstundes ha kvalitet og funksjonalitet. I tillegg til kulturelle aktivitetar vert som sagt den kulturelle norma i bladet også framstilt gjennom kulturelle objekt og personar. Fyrst og fremst er det litteratur skrive på nynorsk, stortingsmenn og målmenn som tener som døme på dette.

Parallelt med idealbiletet av det nynorske mennesket i bladet "For Bygd og By" der klokskap og dygd er sentrale kvalitetar, viser forfattarane av *Nynorsk av hjartans lyst* (1985) til at nynorskbrukarane også har ei opposisjonell og radikal side ved seg. "Bak den rosemåla norskdomsfasaden finst ein undertrykt opposisjonell som er radikal, ugudeleg, festglad, lettliva – ein slags nynorskbohem" (Kleiva mfl. 1985:100). Mellom dei som på ulike måtar gjorde opprør og braut med stereotypien om det flittige og moralske nynorskmennesket, står den nynorske kvinna. Om ein ser på nynorsken si historie har svært få kvinner vore deltakande i norskdomsrørsla, som i det offentlege samfunnet elles. Fyrst i 1970-åra kjem kvinnene på banen og gjer seg synlege gjennom verv og leiarposisjonar i rørsla. Kvinnene kjem i opposisjon, dei "riv ned dei tradisjonelle førestellingane om kvinna som møtevertinne,

kaffikokar, medlem i saumarlaget, bunadkledd dokke. Ho går uvørde kledd og lever i sambu, bryt seg inn på mannen sitt område og tek frå han retten til å meine åleine” (Kleiva mfl. 1985:102). Dei som kan kallast bohemar innanfor rørsla skilde seg altså ut gjennom det som vart sett på som ein utradisjonell livsstil, der til dømes arbeid, buplass og klesdrakt braut med oppfatninga av den nynorske norma.

Til deltakarane i den nynorske skriftkulturen knyter det seg altså ei spesiell kulturell norm, ulik dei gjengse samfunnsnormene. Forfattarane av *Nynorsk av hjartans lyst* (1985) er av den oppfatning at ”For Bygd og By-idealet og nynorskbohemen – baa delar er byproduerte bilete av nynorskmennesket” (Kleiva mfl. 1985:107). Dei siktar altså til at førestellinga om ei nynorsk kulturell norm er kome i stand på grunnlag av andre, altså bokmålsbrukarane i byane, si oppfatning av nynorskbrukarane. Om nynorskbrukarane i dagens samfunn lever opp til dette idealet er nokså usikkert og for denne undersøkinga heller ikkje så viktig. Det viktige er at nynorskbrukarane er berarar av eit slikt ideal som påverkar oppfatninga vår av kven nynorskbrukarane er og korleis dei lever. I *Nynorsk av hjartans lyst* (1985:106f.) vert det understreka at også nynorskbrukarane sjølve mest truleg vert påverka av den forventa kulturelle norma og til ei viss grad handlar deretter.

2.3 Minoritetsspråkproblematikk knytt til nynorsk

Innlegget til Vikør, analysen til Nyrnes og det populærvitskaplege forsøket til Kleiva mfl. tek alle opp forholdet mellom identitet og skriftspråk med utgangspunkt i ei oppfatning av nynorsk som eit språk med minoritetsproblem. Ved å vere berarar av ei spesiell kulturell norm skil nynorskbrukarane seg ut frå det som vert oppfatta som majoritetskulturen i Noreg, det vil seie – bykultur med bokmål som skriftspråk, og får problem lik det minoritetsspråk har. Dette

gjer at det å skrive bokmål vert sett på som normalt, medan det å skrive nynorsk er avvik frå det normale. Geirr Wiggen skildrar situasjonen slik: "Nynorsk has a double character: formally equivalent with but socially and geographically less accepted and more marked than Bokmål" (Wiggen 1995:76). Sjølv om nynorsk har status som offisielt språk i Noreg på lik linje med bokmål, er det bokmålet som dominerer. Når bokmål er det som har vore og framleis er mest brukt, vert denne målforma oppfatta som det naturlege og legitime språket og gjeve symbolsk makt. Denne tankegangen er i tråd med den franske sosiologen Pierre Bourdieu sin teori om språk og samfunn, der han viser til at visse språk, eller lingvistiske kodar, dominerer over andre (Bourdieu 1992).

Den dominerande stillinga bokmålet har får konsekvensar for nynorsk. Når ein vel å skrive nynorsk vil ein oftast vere meir medviten om målvalet enn ein er når ein skriv bokmål (Mørk 1983:19). Stephen J. Walton utdjupar dette med å peike på at "[i] ein toskriftssituasjon utan reell jamstelling vil alle tekster på mindretalsspråket vere metatekster, d.v.s. at dei også handlar om si eiga tilbliving og om språket dei er skrivne på" (Walton 1999:25). Det å skrive nynorsk kan difor sjåast som eit sterkare identifikasjonsmerke enn det å skrive bokmål, fordi ein må gjere eit aktivt val og bryte med eit forventet mønster. Konsekvensane av ei oppfatning av bokmål som det naturlege og nynorsk som markert og avvikande, kan kome til syne ved at ein del meiner at det finst avgrensingar for kva ein kan bruke nynorsk til. "Many people seem to be convinced that Nynorsk is an "artificial" language, not to be used outside the countryside domain, but more suitable for use in connection with folklore, folk costumes, and agriculture" (Omdal 1995:92). Det kan verke som at det er ei utbreidd oppfatning at nynorsk passar godt som lyrikkspråk og liknande, medan bokmål er meir passande i formelle samanhengar og i sakprosa.

Trass dei negative følgjene av at nynorsk har fått status som eit språk med minoritetsproblem, kan den nynorske skriftkulturen si rolle som utskilt frå det som vert oppfatta som majoritetskultur sjåast som naudsynt for at nynorsken i det heile skal kunne ha sjanse til å hevde seg. I artikkelen 'Ein nynorsk identitet?' (2004) tek Geir Hjorthol opp dette polemiske forholdet, og for å forklare det trekkjer han fram Einar Økland si formulering om at "det å skilje seg *ut* har vore heilt naudsynt for å bli like god som dei målpolitiske fiendane, altså for å skilje seg inn" (Hjorthol 2004:67). Fleirtydigheita kjem fram gjennom måten målfolket ser seg sjølv på. På den eine sida ser dei seg som offer for språkleg undertrykking, og på den andre sida reknar dei seg som "eigarar av det "norskaste", "reinaste" og "beste" språket i Noreg" (Hjorthol 2004:67).

Grunnlaget for oppfatninga av seg sjølv som språkleg undertrykte finn ein i korleis målfolket oppfattar framstillinga av sitt eige språk. Hjorthol viser til at målfolket har opparbeidd ei førestelling om at bokmålsbrukarane har ei negativ oppfatning av nynorsk og ser på den som "symbol på utkant, det tilbakeliggande og umoderne, det ulønsame, det udanna og det bondske" (Hjorthol 2004:69). Dette gjer at målfolket kjem i forsvarsposisjon og følgjene er at sjølvkjensla og byrgskapen for den nynorske skriftkulturen aukar. På den andre sida vert nynorsken i mange samanhengar framstilt som "uttrykk for det ekte, det norske, det opphavlege, det landlege, det folkelege – og som formidlar av det Vakre, særleg i lyrikk" (Hjorthol 2004:70). Fordi målfolket vil fremje nynorsk som eit moderne språk som kan brukast til alt, ikkje berre til lyrikk, kjem dei også her i forsvarsposisjon. Måten nynorskbrukarane oppfattar framstillinga av den nynorske skriftkulturen fører altså til identitetsskaping, og denne identitetsskapinga omfattar oppbygging av ei tru på at nynorsk er like bra som bokmål. Med ei sterk tru på eigne kvalitetar kan målfolket ta opp kampen mot ein majoritetskultur dominert av bokmålet.

2.4 Samanheng mellom teori og materiale

I forsøket på å gjere greie for eventuelle samanhengar mellom det nynorske skriftspråket og identitet sit eg att med eit paradoks. Ideala nynorskbrukarane ber med seg gjer at brukarane av det nynorske språket både vert sett på som konservative og tradisjonelle, og oppfatta som opposisjonelle og radikale. Desse førestellingane og oppfatningane kring nynorskbrukaren i forhold til bokmålsbrukaren er heilt grunnleggjande for denne oppgåva, og både problemstilling og undersøking er utforma på grunnlag av dette. Det eg ser etter i materialet vil difor vere moment som i grove trekk kan kaste lys over spørsmålet om bøkene gjenspeglar ein nynorskbrukar lik den som vert framstilt i teoriane i dette kapitlet.

3 Metode

I dette kapitlet ynskjer eg å argumentere for val av metode i undersøkinga i denne oppgåva. For å danne eit forståingsgrunnlag, går eg inn på termene kvalitativ og kvantitativ forskingsmetode og drøftar dei generelt i forhold til vitskapsteoretiske tradisjonar og forskingsstrategiar. Deretter gjer eg greie for kva metode eg har valt, og utdjupar valet ved å ta utgangspunkt i føremålet med undersøkinga og kva problemstillingar eg vil ha svar på. Til utgreiinga knyter eg omgrep som komparativ metode, avhengig og uavhengig variabel, målenivå, bivariat analyse og krysstabellanalyse. Deretter presenterer eg hypotesane og variablane eg legg til grunn for undersøkinga. Til slutt vil eg forsøkje å diskutere reliabiliteten og validiteten ved det innsamla materialet, og forklare korleis eg vil gå fram for å teste statistisk signifikans.

3.1 Vitskapsteoretiske metodar

Ein skil mellom kvantitative og kvalitative forskingsmetodar. Omgrepa kvantitativ og kvalitativ viser til eigenskapar ved data som vert samla inn og analysert og måten innsamlinga er gjort på. Ein analyse basert på kvantitative data har oftast som mål å oppnå eit mest mogleg representativt oversyn over generelle forhold, medan ein med analysar av kvalitative data ynskjer å gå i djupna og gi ei heilskapleg forståing av forskingsfeltet. Ofte er det slik at ein i forskingsprosjekt brukar både kvantitativ og kvalitativ metode. Dei to samfunnsvitskaplege metodane vil då, som elles, stå i eit komplementært forhold til kvarandre. Den kvantitative metoden sørgjer for å gi oversikt og gi undersøkinga allmenn gyldigheit, medan den

kvalitative metoden skaper tilstrekkeleg innsikt i datamaterialet (Grønmo 1996:73ff.; Jacobsen 2005:124 og 131f.).

Kvantitative metodar gir breie framstillingar av nokre avgrensa fenomen. I kvantitative analysar rettar ein søkjelyset mot nokre avgrensa eigenskapar ved ei nokså stor mengde einingar, og vurderer einingane i forhold til eit strukturert kategoriskjema der ein registrerer kor mange einingar som plasserast i kvar kategori. Data vert difor uttrykt i form av tal og/eller mengdetermar, som til dømes fleire/færre og mange/få, og analysert ved hjelp av statistiske metodar. Kvantitativ metode høver slik godt om ein ynskjer oversyn over feltet ein studerer. På grunnlag av dei statistiske metodane kan data ein legg fram vere både deskriptive, altså reint beskrivande data, og også korrelerande ved at ein ser korleis ein variabel varierer i forhold til ein annan variabel i datamaterialet. Sjølv om datamaterialet vert framstilt i form av harddata, er det også viktig å fortolke og kommentere data i ein kvantitativ analyse (Grønmo 1996:74ff.).

Kvalitative analysar tek på si side føre seg færre undersøkingseiningar og gir ei grundigare framstilling av forskingsfeltet. I staden for tal vert kvalitative data oftast dokumentert og framstilt i tekstleg form, til dømes gjennom sitat frå intervju. Data som skal samlast inn er ikkje kategorisert på førehand, og må gjerast etter undersøkinga er gjort. Ved bruk av kvalitativ metode kan ein difor tillate seg å gå meir ustrukturert og usystematisk til verks og vere fleksibel for å få fram det særeigne og spesielle. Til skilnad frå den kvantitative metoden der data i hovudsak vert analysert etter innsamlinga, skjer fortolkinga og analysen ofte både undervegs og i ettertid ved bruk av kvalitativ metode. Data kan, på grunn av si tekstlege form,

ikkje utan vidare teljast, men om ein sorterer ulike typar svar i kategoriar kan ein bruke tal også i kvalitativ metode (Grønmo 1996:73ff.; Jacobsen 2005:131).

Fordi analysar av kvantitative data gir godt oversyn, er slike analysar godt eigna til testing av ulike hypotesar og teoriar. Analysar av kvalitative data er ikkje like godt eigna til dette, fordi data berre vil representere ei lita gruppe eller eit lite område og slik ikkje ha same rekkevidde og allmenn gyldigheit som kvantitative data har. På den andre sida er ulempene ved kvantitativ forskingsmetode at den er overflatisk og at den på denne måten gir avgrensa innsikt i forskingsmaterialet. Kvalitativ metode har her fordelar ved at den går grundigare til verks og er fleksibel. Fordi kvantitative metodar ikkje utdjupar tilhøva som vert påvist gjennom innsamling og analyse av data, er ikkje denne metoden eigna til å utvikle hypotesar og teoriar som kan generaliserast på same måte som den kvalitative metoden er (Grønmo 1996:73ff.; Jacobsen 2005:129ff.).

3.2 Metodar og forskaren si rolle sett i samanheng med vitkapsfilosofi

Som sagt er kvantitativ metode godt eigna til å *teste* ulike hypotesar og teoriar, medan kvalitativ metode er høveleg til å *utvikle* hypotesar og teoriar. Skilnaden mellom metodane i høve kva dei best eignar seg til er grunna i korleis forskaren vel å forhalde seg til det ho skal forske på. Korleis forskaren forhold seg til det ho skal forske på varierer i forhold til om ho tek induktiv eller hypotetisk-deduktiv metode som strategi i forskinga. Om forskaren vel ei hypotetisk-deduktiv metode dannar ho seg fyrst ei forventning, altså hypotesar, om korleis røynda ser ut. Hypotesane vert så testa ut gjennom systematisk innsamling av data (empiri). Den hypotetisk-deduktive metoden vert difor oftast knytt til kvantitativ metode. Ein kritikk mot den hypotetisk-deduktive metoden er at forskaren berre leiter etter det ho helst vil finne

for få bekrefte fordommane sine, og slik kan velje å oversjå svært viktig informasjon. Motsett kan forskaren velje å gå inn i forkinga med eit ope sinn og basere ein teori på det ho samlar inn av datamateriale. Forskaren vel då induktiv metode som strategi, og analysen er då oftast basert på kvalitative data (Jacobsen 2005:28f.). Ein kritikk mot den induktive metoden er at det er naivt å tru at forskaren kan gjennomføre undersøkingar med eit heilt ope sinn utan å leggje vekt på det som kan oppfattast som relevante fakta. Til dømes kritiserer Hans Skjervheim (2002) ein slik positivistisk tankegang ved å peike på at forskaren sjølv er deltakar og ikkje kan forhalde seg objektiv i forhold til det ho studerer.

Fordi ein ved bruk av hypotetisk-deduktive metode tek sikte på finne fram til årsaksforklaringar til fenomen ved å teste gyldigheita til ei rekkje ulike hypotesar, er denne metoden ofte nytta i naturvitskapane. I naturvitskapane er det naturen, beståande av ting som ikkje er meiningsberande i seg sjølv, som er objekt for forkinga, og målet for forkinga er difor å finne fram til allmenne naturlover (Nordenstam 1994:130f.). Helge Dyvik utdjupar omgrepet naturlov, og seier at "[e]n naturlov [...] kan formuleres som en generalisering over et uendelig antall mulige enkelttilfeller. [...] En naturlov tillater ingen unntakelser" (Dyvik 1992:2). Den andre forma for vitskapsfilosofi, humanvitskapen, opnar derimot ikkje opp for at forking kan resultere i slike allmenne lover gjennom årsaksforklaringar. I humanvitskapen har det til gjengjeld vore vanleg å forklare fenomen ved hjelp av såkalla føremålsforklaringar, der eit fenomen vert forklart gjennom intensjonane som ligg bak. Den hypotetisk-deduktive metoden vert då brukt på eit meiningsfylt materiale. Trass i at ein kan finne slike former for forklaringar i humanvitskapane, er det likevel vanleg å hevde at i humanvitskapane skal ein ikkje *forklare*, men *forstå*. Studiet av kva forståing er, og korleis ein bør gå fram for å få forståing, vert kalla hermeneutikk. I human- og samfunnsvitskapane er det tenleg å nytta

hermeneutisk metode, og den induktive metoden er då høveleg å bruke fordi den legg stor vekt på fortolking og forståing (Føllesdal & Walløe 2000:83ff.).

Om ein ser nærare på naturvitskapen og humanvitskapen i eit historisk lys vaks den moderne hermeneutikken fram ved overgangen til 1800-talet, nærast som ein reaksjon på at tolkingsdimensjonen i naturvitskapane vart avvist. I renessansen var forståinga av naturvitskap framleis tufta på eit teologisk perspektiv, og naturen vart rekna som Guds skaparverk og eit uttrykk for ein bodskap som vitskapen hadde i oppgåve å forstå og tolke. Ved overgangen til 1800-talet og i tråd med ideala til opplysningstida oppstod det derimot ei stadig aukande avmystifisering av verda, i tydinga av at naturen no ikkje lenger vart sett på som eit objekt ein kunne tolke. I staden for å tolke vart idealet i naturvitskapane no å kunne forklare verdslege fenomen ved hjelp av empiri og den hypotetisk-deduktive metoden (Skirbekk & Gilje 2007:324f.).

Dei bakanforliggjande årsakene til dette vendepunktet innanfor naturvitskapen var at det i siste halvdel av 1700-talet oppstod ei tredeling av spørsmålet om kva det vil seie at noko er gyldig. Vitskapen (matematisk formulert vitskap) si oppgåve vart no å ta stilling til sanningsspørsmål, der det sentrale var å avgjere om ein påstand er gyldig i tydinga sann. Vidare skulle moralfilosofi og rettsvitskap ta hand om normative spørsmål, og kunsten drøfte estetiske spørsmål. Når vitskapen ikkje lenger kunne gi svar på normative og estetiske spørsmål og som ein konsekvens av dette vart skilt frå religion, miste den også statusen som tolkande og hermeneutisk disiplin som kunne forklare "meininga" med verda. Humaniora, eller det som vart kalla åndsvitskapane, miste no sin verdi og vart vanskeleg å legitimere som "god" vitskap. For tilhengarane av dei framveksande åndsvitskapane ved overgangen til

1800-talet vart difor to strategiar moglege i kampen om å vinne innpass og rettferdiggjere dei som vitskapar. For det fyrste kunne ein gi åndsvitskapane status som teoretiske vitskapar som på same måte som naturvitskapane skulle forklare fenomen ut frå allmenne lover, og for det andre kunne ein leggje til grunn at åndsvitskapane hadde fundamentalt andre forskingsobjekt (nemleg mennesket og alt det mennesket skaper) (Skirbekk & Gilje 2007:324f.).

I samband med kampen for legitimering av åndsvitskapane, innleidde den tyske filosofen og idéhistorikaren Wilhelm Dilthey ein grunnleggjande vitskapsteoretisk refleksjon over kva åndsvitskap var og kunne vere, og kva som skilde den frå naturvitskap. Dilthey la vekt på skiljet mellom religion og historie, og meinte difor at opplevingar som objektiverte seg gjennom historiske uttrykk berre kunne verte forstått på grunnlag av gjenoppleving. I åndsvitskapane, til liks med dei hermeneutiske vitskapane, vil det historiske uttrykket vere eit språkleg uttrykk. At åndsvitskapleg forståing baserte seg på forskaren si gjenoppleving av ei opphavleg oppleving gjorde at åndsvitskap ikkje kunne omfatte noko anna enn "[a]lt det som mennesket har sett sitt preg på [...]" (Dilthey i Skirbekk & Gilje 2007:330). Dilthey utdjupar dette med å seie at "[b]erre det ånda sjølv har skapt, forstår den" (Dilthey i Skirbekk & Gilje 2007:329). Dilthey sitt perspektiv på åndsvitskapane sin eigenart i forhold til naturvitskapane verkar slik klårgjerande. Medan åndsvitskapane vil *forstå* gjennom gjenoppleving, søker naturvitskapane å *forklare* ved bruk av allmenne lover, og dei to formene for vitskap kan difor ikkje samanliknast (Skirbekk & Gilje 2007:329f.).

3.3 Val av metode

I undersøkinga mi set eg opp hypotesar og freistar å teste dei. Eg brukar altså hypotetisk-deduktiv metode som strategi i forskinga. Likevel er målet med undersøkinga ikkje å kome

fram til noko allmenn lov, men å få auka forståing av kor vidt og korleis val av målform verkar inn på innhald og utforming av barnelitterære tekstar. Slik sett er metoden meir hermeneutisk enn naturvitskapleg.

I dette prosjektet har eg hovudsakleg brukt kvantitativ metode. Grunnen til dette er at eg ikkje har funne forskning som på nokon måte kastar lys over lettlestlitteraturen sin funksjon som kjelde til personleg utvikling og kulturell berøring. Eg har heller ikkje funne nyare forskning som på liknande måte direkte undersøker korleis forholdet mellom skriftspråk og identitet kjem til uttrykk gjennom tekstar. Med mål om å skaffe ei oversikt over temaet høver den kvantitative metoden difor best. Dei innsamla data kan karakteriserast som kvantitative, fordi eg har gjort ei strukturert undersøking og vurdert eit utval på 165 lettlestbøker etter nokre få, fastlagde vurderingsmoment. I tillegg til å drøfte tala undersøkinga gav, gjer eg i siste del av drøftinga ein nærstudie av fire bøker i form av ein analyse av ei typisk nynorsk bok og ei typisk bokmålsbok, og like eins ei bok frå kvar målform som representerer utypiske bøker. Sjølv om bøkene er valt ut på grunnlag av kvantitative data, vil denne delen vere av meir kvalitativ art fordi eg går grundigare til verks og fokuserer på det særeigne og spesielle ved kvar av bøkene.

3.4 Vilkår for val av metode

Kva metodar som er mest tenlege å bruke er avhengig av kva ein vil finne ut ved hjelp av ei undersøking, kva samanhengar ein ventar å finne, og kva einingar ein vil finne ut noko om. For å utdjupe metodevalet i undersøkinga mi vil det difor vere nyttig å fyrst seie litt meir om føremålet med undersøkinga og kva problemstillingar eg vil ha svar på.

Gjennom undersøkinga ynskjer eg å finne svar på om der finst skilnader mellom lettlestbøker på nynorsk og lettlestbøker på bokmål i høve korleis bøkene gir uttrykk for personlege og kulturelle aspekt. Hensikta med dette er å finne ut om dei nynorske bøkene kommuniserer ein spesiell identitet som følgje av førestellingar kring brukarane av den nynorske målforma. Problemstillinga antydar slik at det finst ei førestelling om ulike kollektive handlemønster knytt til brukarane av dei to målformene og at desse kan forklarast ut frå funksjonane eller rollene målformene har i ein større sosial samanheng.

3.5 Variablar og analyse

For å kunne identifisere eventuelle skilnader mellom lettlestbøker på nynorsk og bokmål og slik det særigne ved nynorskbøkene, er det naudsynt å gjere ei samanlikning av innhaldet i lettlestbøkene på bokmål og nynorsk. I analysen av bøkene brukar eg difor det ein kan kalle komparativ metode, som går ut på å finne fram til interessante spørsmål og problemstillingar eller undersøkje årsaksforklaringar ved å samanlikne eit fenomen med eit anna¹⁴ (Kjeldstadli 1988:435ff.). For å samanlikne sette eg opp nokre element eg vurderte bøkene ut i frå. Slike element kallast variablar. Variablar er varierende storleikar, og kan vere avhengige eller uavhengige. Avhengige variablar er det eller dei fenomenen som skal forklarast, og desse vert forklart ved hjelp av dei uavhengige variablane (Ringdal 2009:50). I forhold til undersøkinga i denne oppgåva er det skilnadene mellom lettlestbøker på bokmål og lettlestbøker på nynorsk eg ynskjer å forklare. Dette gjer at ein må rekne variablane som uttrykkjer skilnader mellom målformene som avhengige variablar¹⁵. Desse variablane er det eg som forskar som har valt ut, og desse representerer det eg vil undersøkje. Skilnader i utvalet kan forklarast i forhold til

¹⁴ Fordi komparasjonen dreiar seg om to ulike fenomen er den diakron. Det motesette er synkron komparasjon, der ein samanliknar det same studieobjektet på to tidspunkt (Kjeldstadli 1988:436f.; Barth 1970:19f.).

¹⁵ Desse variablane vert presenterte i delkapittel 3.7.

om boka har nynorsk eller bokmål som målform. Målform er difor den uavhengige variabelen i denne undersøkinga.

Vidare er det vanleg å gjere ei inndeling av variablane etter kor stor presisjon dei vert målt med. Oftast vert variablane klassifisert etter dei fire målenivåa: Nominal, ordinal, intervall og forholdstal. På nominalnivå kan einingane ein undersøkjer gjennom variablane berre klassifiserast i gjensidig utelukkande grupper. Målingane kan difor ikkje rangordnast. Om verdiane til variablane er slik at det gir meining å rangordne dei, er einingane ein undersøkjer målt på ordinalnivå. Som på nominalnivå, kan også variablane som måler einingar på ordinalnivå reknast som kategoriske variablar. Variablar på intervall- og forholdstalnivå kan derimot ikkje brukast til å kategorisere, fordi desse gir kontinuerlege variabelverdier i form av tal. På intervallnivået vert skilnader mellom variabelverdier difor viktig, fordi det er skilnadene som gir meining. Variablane på forholdstalnivå har til skilnad frå intervallnivå eit absolutt nullpunkt som ein ser tala i forhold til (Ringdal 2009:79ff.). Basert på dette kan variablane i mi undersøking klassifiserast som nominale, med unntak av ein ordinal¹⁶.

Når eg i analysen ynskjer å sjå på samvariasjonen mellom to variablar, altså korleis to forhold førekjem samstundes, for slik å svare på forskingsspørsmåla, gjennomfører eg det som vert kalla bivariat analyse (Jacobsen 2005:322). Føremålet med bivariat analyse er altså å samanlikne korleis ein bestemt kategori for ein variabel fordeler seg på kategoriane for ein annan variabel (Johannessen mfl. 2010:296). Kva for statistiske analyseteknikkar eg tek i bruk vil vere avhengig av kva målenivå variablane eg har valt er klassifisert til. I dette tilfellet vil variablane som sagt vere nominale, med unntak av ein på ordinalnivå med få kategoriar.

¹⁶ Sjå delkapittel 4.4.2: Grad av realisme.

Ifølgje Johannessen mfl. (2010:295ff.) må ein med slike variablar bruke krysstabellanalyse som framgangsmåte. I tillegg til å vise korleis observasjonane fordeler seg på kombinasjonar av kategoriar for to variablar jamfør bivariat analyse, viser krysstabellen også korleis observasjonane fordeler seg på kvar enkelt variabel¹⁷.

3.6 Hypotesar

Variablane byggjer på dei samanhengane eg venta å finne før eg tok fatt på undersøkinga. Fordi eg i undersøkinga ynskte å finne svar på om desse samanhengane stemmer, vil desse samanhengane også kunne reknast som grunnlaget for utforminga av problemstillinga i denne oppgåva. Samanhengane har eg formulert gjennom følgjande hypotesar (med bøker meiner eg her lettlestbøker):

H1: Det finst fleire seriebøker på bokmål enn på nynorsk.

H2: Bøkene med nynorsk som målform er meir realistiske og har såleis mindre fantastiske¹⁸ innslag enn bøkene med bokmål som målform.

H3: Handlinga i dei nynorske bøkene er oftare lagt til bygd samanlikna med bøkene på bokmål. Motsett er handlinga i bøkene skrive på bokmål oftare lagt til bymiljø enn det handlinga i bøkene skrive på nynorsk er.

H4: Ein finn fleire bøker med innslag av dialektuttrykk og frigjering frå skriftspråknormalen på bokmål enn på nynorsk. Tekstar i bøker skrive på bokmål vil såleis i større grad vere forsøk på å likne målgruppa sin munnlege tale.

¹⁷ For døme, sjå tabell 6.1: Tala/prosentdelane i nedste horisontale linje for "sum" og "N" viser talet på observasjonar for kvar av målformene, og prosentdelane i bortaste vertikale linje viser korleis observasjonane fordeler seg på kategoriane i variabelen seriebøker.

¹⁸ Fantastisk litteratur er ein "samlebetegnelse for litteratur som på ulike måter bryter med konvensjonelle oppfatningar om hva som er sannsynlig" (Lothe mfl. 2007:62).

H5: Det finst fleire bøker der foreldre er involvert i handlinga på bokmål enn på nynorsk.

H6: Mobbing eller andre former konflikhtar er hyppigare ein del av tematikken i bøker skrivne på bokmål enn i bøker skrivne på nynorsk.

H7: Venskap er oftare brukt som tema i nynorske bøker enn i bøker skrivne på bokmål.

3.6.1 Forklaring til hypotesar

Samla sett kan ein seie at hypotesane spring ut i frå ei oppfatning av den nynorske skriftkulturen som meir tradisjonell og konvensjonell enn bokmål som skriftkultur. Eg førestiller meg difor at bøkene skrivne på bokmål skildrar eit meir moderne, røffare og foreldrestyrt samfunn, der det fins meir mobbing, mindre sjølvstende for borna og mindre plass til å fokusere på venskap. Med dette som utgangspunkt vert det naturleg å sjå føre seg bygda som heimstaden til nynorskbrukarane, og byen som heimstaden til bokmålsbrukarane.

Kva miljø eg tenkjer meg brukarane av målformene høyrer heime i er vidare avgjerande for at eg trur det finst færre seriebøker, større grad av realisme og mindre talemålsnært språk på nynorsk enn på bokmål. Med utgangspunkt i tanken om eit meir verna miljø på bygda trur eg at det finst færre seriebøker på nynorsk, fordi eg føresteller meg at borna i dette miljøet har meir sjølvstende og slik større moglegheit til å uttrykkje sin identitet og særeigne personlegdom. Bøker som ikkje er del av ein serie vil kunne uttrykkje eit liknande sjølvstende som dette. Følgjande trur eg at ein finn større grad av realisme i bøkene på nynorsk, fordi det gjennom tanken om eit verna miljø på bygda og følgjande mindre konfliktfylte tema i bøkene ikkje vert skapt behov for å "flykte frå kvardagen" gjennom fantasiforteljingar. Når det gjeld språket i bøkene trur eg assosiasjonane til eit meir nyskapande og moderne samfunn gjer at

bokmålsbøkene er mindre tradisjonelle og difor har eit meir talemålsnært språk enn nynorskbøkene.

3.7 Variablar i undersøkinga

For å undersøkje om samanhengane eg har formulert gjennom hypotesane stemmer, har eg teke utgangspunkt i hypotesane når eg har vurdert lettlestbøkene i undersøkinga. Variablane eg har brukt i analysen av materialet er difor direkte knytt til dei formulerte hypotesane. Med dette som utgangspunkt har eg brukt følgjande variablar i undersøkinga (her presentert i spørsmålsform):

- Er boka ein del av ein serie?
- Kor høg er graden av realisme i boka? Er det låg, middels eller høg grad av fantastiske innslag i boka?
- Kvar utspelar handlinga i teksten seg? Er det i ein by, ein tettstad eller på bygda? Eller er det usikkert kvar handlinga finn stad?
- Korleis er språket i dialogane i bøkene? Er det talemålsnært, normalisert eller vanskeleg?
- Er foreldre involvert i forteljinga?
- Er der innslag av mobbing eller andre former for konflikhtar i boka som gjer hovudpersonen utilfreds med tilvere?
- Er venskap tema i boka?

3.8 Reliabilitet og validitet

Føremålet med undersøkinga er å måle det rette på ein best mogleg måte. Validiteten av det innsamla materialet fortel noko om det vi måler er det vi ynskjer å måle og om datamaterialet slik er gyldig for dei problemstillingane ein ynskjer å få innsikt i. Det vil her vere snakk om gyldigheit både i forhold til om resultatet av undersøkinga vert oppfatta som rett og om resultatet faktisk kan generaliserast og overførast til ein større populasjon (Jacobsen 2005:214 og 222). Reliabiliteten til det same materialet seier noko om kor nøyaktig eller godt målinga er gjennomført og slik om målinga har stabilitet. Dersom ei måling har høg reliabilitet og slik også høg stabilitet ville resultatet av undersøkinga vorte det same dersom eg eller andre hadde gjennomført undersøkinga fleire gonger, eller brukt ein alternativ metode for å måle det same. Ved høg reliabilitet kan data frå undersøkinga difor reknast som pålitelege (Jacobsen 2005:225ff.).

Fordi eg har teke utgangspunkt i dei samanhengane eg venta å finne i forhold til skilnader mellom lettlestbøker på bokmål og på nynorsk¹⁹, er både sjølve problemstillinga og variablane i undersøkinga direkte utleidde frå dette. Dette gir fordelar i høve validiteten til oppgåva, då eit felles utgangspunkt sikrar nært samband mellom problemstilling og datainnsamling. At variablane eg har brukt for å undersøkje forholdet mellom lettlestlitteratur på nynorsk og lettlestlitteratur på bokmål ikkje støtter seg på noko anna enn mine oppfatningar av kva som kan skilje tekstar på dei to målformene, kan derimot også sjåast som ei mogleg svakheit ved validiteten i oppgåva. Kanskje er ikkje mine oppfatningar lik dei allmenne oppfatningane og tankane kring skilnader mellom tekstar på bokmål og nynorsk?

¹⁹ Sjå samanhengane utleidd i hypotesar i delkapittel 3.6 Hypotesar.

Har eg utelate viktige moment i undersøkinga der sentrale skilnader mellom bokmålbøkene og nynorskbøkene kunne ha kome til syne?

Ei anna svakheit ved validiteten i oppgåva er at eg brukar resultata fordelt etter alder i tillegg til målform for å forsterke dei moglege årsaksforklaringane eg presenterer i drøftinga under delkapittel 6.3. Dette er eit problem fordi dei aldersgrupperingane eg opererer med er ei grovinndeling, der alderen bøkene er tenkt for frå forlaga si side ikkje alltid samstemmer heilt med den aldersgruppa dei er plasserte i. Fordi aldersgrupperingane ikkje er heilt eintydige, vil dei også berre kunne brukast til å gi omtrentlege svar. Vidare finst det svakheiter i undersøkinga i høve det faktum at det, som med barnelitteratur generelt, finst eit etter måten lite utval nynorske lettlestbøker samanlikna med utvalet på bokmål og at talet på nynorskbøker i materialet er deretter. Dette gjer at ein kan setje spørsmål ved om det er mange nok nynorskbøker i materialet til at funna i undersøkinga kan generaliserast.

Når det gjeld reliabiliteten i undersøkinga, er det at undersøkinga går ut på å granske barnebøker i seg sjølv ein fordel. Eg har ikkje eit spørjeskjema der resultata kan verte påverka av respondentane si dagsform, innstillinga dei har til situasjonen, haldninga til temaet osv., den einaste som kan påverke resultata i denne undersøkinga er meg sjølv. Gjert Kristoffersen (1984:112) poengterer dette med å peike på at føresetnaden for stabile resultat er at det ein måler er eit stabilt fenomen. For at eg så lite som råd skulle påverke resultata, sette eg opp klare rammer for kva observasjonar som kunne plasserast under kvar kategori i variablane. Desse grensegangane har eg gjort greie for i delkapittel 4.2.

Trass i at definering av rammene for kvar kategori fyrst og fremst verkar positivt inn på reliabiliteten, fører dette på same tid til at det oppstår ei svakheit i reliabiliteten i undersøkinga. Nettopp fordi det med klare rammer vert teke omsyn til små nyansar i datamaterialet, kan to nesten heilt like bøker hamne i ulike kategoriar. Til dømes kan ei bok verte plassert under kategorien talemålsnært språk og ei anna under normalisert språk fordi eg finn eitt avvik frå den standardiserte skriftspråknormalen i den eine boka medan eg ikkje finn noko avvik i den andre. Små nyansar i tekstane kan på denne måten få mykje å seie, og kan i nokre tilfeller gjere at to tilsynelatande heilt like bøker vert vurderte som ulike. Dessutan vil forsøket mitt på å klargjere rammene for kvar kategori også ha svakheiter i form av at det framleis gir rom for individuell tolking. Til dømes er skiljet mellom normalisert språk og vanskeleg språk ikkje vere så klart definert at det ikkje til dels opnar for individuell vurdering frå den som utfører undersøkinga.

3.9 Statistisk signifikans

Statistisk signifikans handlar om kor sikker ein kan vere på at det er faktiske skilnader ein finn i eit utval. Om ein har statistisk signifikans kan samanhengen i utvalet generaliserast til populasjonen (Ringdal 2009:238ff.). Populasjonen er dei einingane i undersøkinga ein ynskjer å seie noko om. Slik vil populasjonen i dette tilfellet vere barnebøker på bokmål og nynorsk. I undersøkinga kan ein av praktiske årsaker derimot ikkje ta med heile populasjonen, og må difor gjere eit utval. I forhold til denne undersøkinga er utvalet danna på grunnlag av avgrensingar av populasjonen i høve konsept, alder på målgruppe, talet på forlag, og kva år bøkene er gitt ut. Mest optimalt ville det ha vore dersom utvalet vart trekt tilfeldig slik at det i teorien fekk dei same eigenskapane som populasjonen. Ein ville då kunne kalle utvalet representativt, i den forstand at utvalet representerte den samla populasjonen i miniformat

(Johannessen mfl. 2010:240f.). Utvalet i denne undersøkinga er derimot ikkje trekt tilfeldig, og er difor ikkje representativt i forhold til desse reglane. Likevel kan eg få ein peikepinn på om utvalet er representativt nok ved å sjå på eigenskapane i utvalet, til dømes korleis utvalet fordeler seg etter alder og ikkje minst etter målform²⁰.

For å teste statistisk signifikans må ein rekne ut kva sannsynet er for at eit funn i ein analyse ikkje berre er tilfeldig, men ein faktisk variasjon. Det finst fleire typar statistiske testar ein kan bruke for å rekne ut dette, men kva type variablar ein har, kor mange grupper ein har og spreinga av observasjonane vil vere styrande for kva test som er best å bruke. Fordi målenivået på variablane i denne undersøkinga er nominalt og ved eit tilfelle ordinalt (der variabelen har få kategoriar), brukar eg Khi-kvadrattesten (Chi-Square test) som signifikanstest. Chi-verdien er eit statistisk mål som vert brukt for å finne ut om to variablar er statistisk avhengige, og slik korleis skilnaden mellom faktisk og forventa fordeling er. Denne testen er vanleg å bruke for å teste hypotesar om skilnader basert på krysstabellar, og er difor tenleg å bruke her (Johannessen 2010:347f.).

Når ein skal tolke Khi-kvadratet, må ein tenkje seg ei null-hypotese som går ut på at det ikkje finst reell samvariasjon mellom variablane i populasjonen. Gjennom Khi-kvadratet testar ein kor sannsynleg det er at denne null-hypotesen er rett, gitt funna frå utvalet. Fordi ein som regel ynskjer å slå fast ein reell samvariasjon i populasjonen, håpar ein på å kunne forkaste null-hypotesen. Null-hypotesen kan forkastast dersom verdien Khi-kvadratet gir er større enn

²⁰ Denne fordelinga vert kommentert nærare i delkapittel 4.1 Utval.

det som vert rekna som den kritiske verdien²¹ for Khi-kvadratet. Når ein testar kor representative funna frå utvalet er for populasjonen, er det ein viss fare for at konklusjonane ein gjer vert trekte på grunnlag av tilfeldige feil og at utvalet er heilt ulikt populasjonen. For å seie noko om kva feilmargin ein kan akseptere i generaliseringa må ein velje eit signifikansnivå, og det vanlegaste er å setje dette til 5 % eller 1 % (Jacobsen 2005:362f.). For mi undersøking set eg nivået til 5 % fordi talet på einingar i utvalet er relativt lite²². Eit signifikansnivå på 5 % tyder at "[h]vis vi forkaster null-hypotesen om ingen samvariasjon mellom variablene, så kan vi med 95 % (100 % - 5 % [...]) [...] sikkerhet anta at det er en reell samvariasjon mellom variablene i populasjonen" (Jacobsen 2005:362).

For å seie noko om kor sannsynleg det er at Chi-verdien skuldast tilfeldige feil, altså kor sterk den statistiske avhengigheita mellom to variablar er, brukar eg målet Cramers V for å signifikanteste korrelasjonskoeffisienten som Chi-verdien utgjer. Cramers V tek utgangspunkt i korrelasjonsmålet Phi, ϕ ²³ som ein kan bruke til å finne korrelasjonen mellom to dikotome variablar²⁴ (Ringdal 2007:307ff.). Cramers V skil seg frå Phi ved å i tillegg korrigere for tabellstorleiken (talet på kolonnar og rekkjer), og fordi det i denne oppgåva inngår variablar med fleire enn to kategoriar²⁵ i undersøkinga er Cramers V det mest passande korrelasjonsmålet å bruke her. Verdien for Cramers V varierer mellom 0 ved ingen samanheng og 1 ved sterk samanheng mellom variablane (Ringdal 2007:310). Andy Field

²¹ Den kritiske verdien vert bestemt av signifikansnivå og fridomsgrader. Talet på fridomsgrader vert berekna ut frå kor mange verdier kvar variabel har, ved å ta "antallet verdier på den ene variabelen minus én, multiplisert med antallet verdier på den andre variabelen minus én" (Jacobsen 2005:363). For tabell over dei kritiske verdiane, sjå vedlegg 1: Grenseverditabell over Chi-verdi.

²² Dess fleire einingar i utvalet, dess mindre vert feilmarginen (Jacobsen 2005:356).

²³ Phi, ϕ , er eit spesialtilfelle av korrelasjonsmålet Pearsons r (Ringdal 2007:305)

²⁴ Variablar som berre har to kategoriar. Helst bør dikotomiane vere naturlege, slik at det ikkje let seg gjere å dele variabelen opp i fleire verdier (Ringdal 2007:468). Etter desse krava er variablane eg reknar som dikotome i denne oppgåva målform, serie/ikkje serie, foreldre involvert/foreldre ikkje involvert, mobbing/ikkje mobbing, venskap/ikkje venskap.

²⁵ Dette gjeld variablane grad av realisme, lokalisering og språk.

(2005:32ff.) viser til korrelasjonskoeffisienten som effektstorleiken (effect size) og reknar ein verdi på 0,10 som liten effekt, 0,30 som middels og 0,50 som stor effekt i høve styrken på den statistiske krafta i funna ein har gjort. For å utføre Khikvadrattesten og undersøkje Cramers V i den statistiske analysen brukar eg dataprogrammet NSDstat, som har vore tilgjengelig på utvalde datamaskiner ved Høgskulen i Volda.

4 Avgrensing av undersøking

Problemstillinga; *Kommuniserer dei nynorske barnebøkene ein spesiell identitet som følgje av førestellingar kring brukarane av den nynorske målforma?*, er vid og kan gripast fatt i på fleire måtar. For å vise korleis eg har valt å nærme meg emnet, ynskjer eg i dette kapitlet å presentere og grunngi dei ytre avgrensingane av arbeidet mitt. Eg vil gjere greie for kva materiale eg har valt og kvifor. Deretter vil eg forklare kva meiningsinnhald eg har lagt i dei ulike variabelkategoriane og korleis eg har avgrensa desse.

4.1 Utval

Bransjestatistikken hjå den Norske Forleggerforening²⁶ viser at det i 2010 totalt²⁷ fanst 4192 barneboktitlar i sal i Noreg. Med tanke på denne oppgåva sitt omfang i både tid og storleik, var det naudsynt å gjere eit utval for å minske materialet. For å finne likeverdige bøker som kunne samanliknast og målast opp mot kvarandre, var bøkene som går under det forlaga kategoriserar som lettlesle bøker eit godt alternativ å ta utgangspunkt i. Lettlesle bøkene er bøker som den tidlege lesaren skal kunne lese sjølv, utan hjelp frå vaksne. Bøkene har difor relativt låg vanskegrad, og er inndelte i kategoriar tilpassa alder og forventna lesedugleik. Bøkene er også rikt illustrerte. Den tidlege lesaren skal slik kunne finne bøker som både er spanande og interessante med tanke på innhald, og som utfordrar og skaper meistring i lesinga.

²⁶ Den norske Foreleggerforening (2011).

²⁷ Totalt vil seie alle titlar, både oversett litteratur og norsk litteratur, nye titlar og øvrige titlar i sal.

Gyldendal Norsk Forlag, Aschehoug forlag, Cappelen Damm og Det Norske Samlaget er alle store og velkjende forlag som satsar på lettlestkonsept i Noreg. I tillegg til å konsentrere materialet til utgivingar i lettlestkategoriane til desse fire forlaga, avgrensar eg materialet ytterlegare ved å konsentrere meg om bøker tenkt for born i alderen 6-9 år. Grunnen til at eg har valt å fokusere på bøker tenkt for denne aldersgruppa er at dette er alderen då dei fleste born byrjar å lese sjølv og fatte interesse for litteratur. Som sagt i innleiinga ser eg lettlestbøkene hovudsakleg som litteratur meint for born som nettopp har lært å lese på eiga hand, i motsetnad til litteratur for dei med lesehemmingar, og bøker for born i alderen 6-9 år vil difor vere mest tenlege å undersøkje.

Med desse avgrensingane som utgangspunkt, er lettlestseriane eg hentar materialet mitt frå; Lesestart (tenkt til 6-7-åringar) og Mer å lese (tenkt til 8-9-åringar) frå Gyldendal, Den lille lesehesten (gul, tenkt til 6-7-åringar) og Lesehesten (oransje, tenkt til 8-9-åringar) frå Aschehoug, Min første leseløve (tenkt til 6-7-åringar) og Leseløve (tenkt til 7, 8 og 9-åringar) frå Cappelen Damm, og Samlaget sin kometserie; Gul komet (tenkt til 7-8-åringar) og Grøn komet (tenkt til 8-9-åringar). Av desse finn ein berre bøker på bokmål i Gyldendal sin lettlestserie og berre bøker på nynorsk i Samlaget sin lettlestserie, medan Aschehoug og Cappelen Damm gjev ut bøker i begge målformer. I registreringsskjema har eg for enkelheit si skuld brukt grupperinga 6-7 år og 8-9 år som alder på borna bøkene er tiltenkt for. Dette er den aldersinndelinga som også dei fleste forlaga brukar, men inndelinga samstemmer likevel ikkje heilt med absolutt alle forlag si aldersinndeling av kven lettlestseriane er tenkt for. Lettlestseriane som avviker frå det aldersskiljet eg har valt er Gul komet frå Samlaget med bøker tenkt for born i alderen 7-8 år og Leseløve frå Cappelen Damm med bøker tenkt for born i alderen 7-9 år. I registreringsskjema fell serien Gul komet (tenkt til 7-8-åringar) under lettlestbøker for 6-7-åringar og serien Leseløve (tenkt for 7-9-åringar) under lettlestbøker for

8-9-åringar. Grunnen til at eg har valt å gruppere bøkene slik er for å kunne referere til bøkene for dei ”eldste” og ”yngste” aldersgruppene i utvalet og slik bruke inndelinga aktivt som ein del av drøftinga.

Andre avgrensingar eg har gjort, er å utelate omsetjingar og berre ha med bøker av norske forfattarar. Dette gjer eg nettopp fordi tekstskapingssituasjonen må takast høgde for om ein skal kunne svare på forskingsspørsmåla. Eg har også gjort eit val i høve tidsrom for utgivingar, og forkasta alle bøker som er kome ut før 2005. Dette tyder at ramma for utgivingar er tidsromet frå og med 2005 til og med utgangen av 2011. Også bøker skrivne før 2005, men som framleis er på marknaden og er gitt ut i nyare utgåver eller opplag innanfor perioden 2005-2011 er tekne med. Om ei bok som er gitt ut fyrste gong i perioden 2005-2011 og har kome i fleire utgåver innanfor den perioden, har eg valt å berre ta med den nyaste i undersøkinga.

Etter desse avgrensingane får eg eit materiale på 165 lettlestbøker, der 26 bøker er skrivne på nynorsk og 139 er skrivne på bokmål. Dette gir ei nokså skeiv fordeling av målform i utvalet. Med tanke på at eg har som hensikt å seie noko om nynorskbøkene spesielt i denne oppgåva, er det at nynorskbøkene klart er i mindretal særleg uheldig. Sjølv om det kunne ha vore ynskjeleg, er det likevel ikkje så godt å gjere noko med dette forholdstalet. Som med barnelitteratur generelt finst det som sagt eit etter måten lite utval lettlestbøker på nynorsk samanlikna med utvalet på bokmål. Om eg hadde auka talet på nynorske lettlestbøker og late talet på lettlestbøker på bokmål i materialet stått uendra, ville materialet ikkje likna eigenskapane til populasjonen i høve fordeling av målform. Materialet ville slik vorte mindre representativt i høve populasjonen og gitt mindre moglegheiter til å generalisere eventuelle

samanhengar i utvalet mellom variablane. Den einaste løysinga hadde vore å auke omfanget av materialet generelt, både for bokmåls- og nynorskbøkene. Ei slik utviding hadde eg derimot ikkje høve til å gjere i dette prosjektet, då oppgåva måtte avpassast i høve normert tidsbruk. Når det gjeld kva alder bøkene i materialet er tenkt for kan omfanget derimot seiast å vere relativt greitt, med 60 bøker berekna på 6-7-åringar og 105 bøker berekna på 8-9-åringar.

4.2 Utdjuping av vurderingsmoment

I arbeidet med å vurdere bøkene i høve variablane som eg nemnde i delkapittel 3.7, var det naudsynt å ha klare definisjonar for kva meiningsinnhald eg la i dei ulike variabelkategoriane. Med klare linjer kunne eg vurdere bøkene på like vilkår og få ei mest mogleg autentisk skildring av materialet.

I materialet var der ein del bøker som eg tydeleg, alt på framsida, kunne sjå var bøker som var ein del av ein serie. I tillegg til desse har eg i skjemaet også vurdert bøker som kan kallast frittstående oppfølgjarar, altså dei bøkene med gjenbruk av karakterar og/eller stad, til seriebøker. Når eg har vurdert grad av realisme i bøkene, har det ved høg grad av realisme vore ingen fantastiske innslag, ved middels grad av realisme vore fantastiske innslag i kombinasjon med røyndomsnære skildringar, og ved låg grad av realisme berre vore fantastiske innslag utan hald i noko ein kan kalle realisme. Når det gjeld kvar handlinga i teksten finn stad, har eg, om handlinga utspeler seg fleire stader, teke den staden karakterane har eit heimstadforhold til. I dei tilfella der handlinga utspeler seg fleire stader og eg ikkje har fått noko inntrykk av kvar heimstaden til karakterane er, har eg ført opp det miljøet der karakterane oppheld seg størstedelen av tida. Under usikkert har eg i tillegg til å føre opp dei

tilfella der handlinga kan stadfestast kvar som helst, også registrert dei bøkene som finn stad på havet eller i skogen. I høve til å avgjere korleis språket i dialogane er, har eg teke utgangspunkt i den nettbaserte *Nynorskordboka og Bokmålsordboka* (<http://nob-ordbok.uio.no/perl/ordbok.cgi>) utarbeidd av Universitetet i Oslo i samarbeid med Språkrådet. Om eg har fastsett språket i dialogane i ei bok som talemålsnært, har eg funne eit eller fleire ord som ikkje finst i ordboka. Dette omfattar onomatopoetikon eller ord som er skrivne på måtar som ligg utanfor skriftspråknormalen. Om eg har avgjort at språket i ei bok er normalisert, finst det ikkje avvik i høve skriftspråknormalen. Vanskeleg språk har eg definert som språk med innslag av vanskelege ord som sjeldan er i bruk og som ein kan tenkje seg den barnlege lesaren kan ha problem med å forstå. I høve til spørsmålet om der er foreldre involvert i bøkene, har eg sagt at foreldre er involverte om dei snakkar i dialogane, eller om dei er nemnt i forteljninga. Når det gjeld mobbing, har eg lagt meg på ei vid forståing av omgrepet. Innanfor spørsmålet om mobbing, har eg også markert det som mobbing om det i bøkene har oppstått andre typar konflikhtar som gjer hovudpersonen utilfreds med tilveret. Det siste eg har sett på når eg har lese bøkene er om venskap på nokon måte er ein del av tema. Eg har her også rekna barn som kjenner venskapsband til dyr som venskap.


5 Statistisk analyse av resultat frå undersøkinga

I dette kapitlet vil eg gjere ein deskriptiv presentasjon av resultata frå undersøkinga i form av å presentere tala frå datamaterialet. Eg ser på korleis materialet fordeler seg i høve frekvens²⁸ på kvar kategori i kvar variabel samla sett, etter målform og etter aldersgruppe og målform.

5.1 Serie/ikkje serie

Av 165 lettlestbøker er 111 (67,3 %) seriebøker. Av dei 165 bøkene er 139 bøker på bokmål og 26 bøker på nynorsk. Når det gjeld fordelinga av seriebøker i høve målform finn ein 99 seriebøker på bokmål og 12 seriebøker på nynorsk. I prosent utgjer dette 71,2 % av bokmålsbøkene og 46,2 % av nynorskbøkene. Ein har altså større prosentdel seriebøker på bokmål enn på nynorsk.

Figur 5.1: Prosentvis fordeling av seriebøker etter målform.




²⁸ I frekvensfordeling tel ein opp kor mange einingar det er i kvar kategori på ein variabel, og reknar i tillegg ut kor stor prosentdel einingane utgjer (Johannessen mfl. 2010:279).

Om ein deler resultatata inn etter alder og målform som i registreringsskjema får ein ei fordeling som ser slik ut:

- Bokmålsbøker 6-7 år, i alt 54 stk.: 68,5 % seriebøker (37 stk.) og 31,5 % ikkje seriebøker (17 stk.).
- Bokmålsbøker 8-9 år, i alt 85 stk.: 72,9 % seriebøker (62 stk.) og 27,1 % ikkje seriebøker (23 stk.).
- Nynorskbøker 6-7 år, i alt 6 stk.: 0 % seriebøker (0 stk.) og 100% ikkje seriebøker (6 stk.).
- Nynorskbøker 8-9 år, i alt 20 stk.: 60 % seriebøker (12 stk.) og 40 % ikkje seriebøker (8 stk.).

Figur 5.2: Prosentvis fordeling av seriebøker etter målform og aldersgruppering.




Ut i frå dette oversynet kan ein summere opp med å seie at ein finn størst prosentdel seriebøker hjå bokmålsbøkene for aldersgruppa 8-9 år (72,9 %) og minst prosentdel seriebøker hjå nynorskbøkene for aldersgruppa 6-7 år (0 %). Av fordelinga ser ein også at i

utvalet av bøker for 8-9-åringar er det ein større prosentdel seriebøker enn i utvalet av bøker for 6-7-åringar, både for nynorskbøkene og for bokmålsbøkene.

5.2 Grad av realisme

Om ein ser heile materialet på 165 bøker under eitt finn ein at 124 (75,2 %) av lettlestbøkene har høg grad av realisme, 33 (20 %) har middels grad av realisme og 8 (4,8 %) har låg grad av realisme. I høve til skilnader mellom bøker på nynorsk og bøker på bokmål har 100 av dei 139 lettlestbøkene på bokmål høg grad av realisme og 24 av dei 26 lettlestbøkene på nynorsk høg grad av realisme. I prosent får ein at 71,9 % av bokmålsbøkene og 92,3 % av nynorskbøkene er vurderte til høg grad av realisme. Vidare finn ein 31 bøker på bokmål og 2 bøker på nynorsk med middels grad av realisme. I prosent utgjer dette 22,3 % av bøkene på bokmål og 7,7 % av bøkene på nynorsk. Låg grad av realisme finn ein i 8 av dei 139 lettlestbøkene på bokmål, medan ein ikkje finn låg grad av realisme i nokon av dei 26 nynorskbøkene. Det gjer at ein i materialet har 0 % nynorske lettlestbøker og 5,8 % lettlestbøker på bokmål med låg grad av realisme. Kort oppsummert finn ein i ei prosentvis fordeling flest bøker på nynorsk med høg grad av realisme og flest bøker på bokmål med middels og låg grad av realisme.


Figur 5.3: Prosentvis fordeling av grad av realisme i bøkene etter målform.



Etter inndeling basert på målgruppe og målform som i registreringsskjema får ein desse resultatata:

- Bokmålsbøker 6-7 år, i alt 54 stk.: 83,3 % har høg grad av realisme (45 stk.), 16,7 % har middels grad av realisme (9 stk.) og 0 % har låg grad av realisme (0 stk.).
- Bokmålsbøker 8-9 år, i alt 85 stk.: 64,7 % har høg grad av realisme (55 stk.), 25,9 % har middels grad av realisme (22 stk.) og 9,4 % har låg grad av realisme (8 stk.).
- Nynorskbøker 6-7 år, i alt 6 stk.: 83,3 % har høg grad av realisme (5 stk.), 16,7 % har middels grad av realisme og 0 % har låg grad av realisme (0 stk.).
- Nynorskbøker 8-9 år, i alt 20 stk.: 95 % har høg grad av realisme (19 stk.), 5 % har middels grad av realisme (1 stk.) og 0 % har låg grad av realisme (0 stk.).

Figur 5.4: Prosentvis fordeling av grad av realisme i bøkene etter målform og aldersgruppering.




Som vist finn ein størst prosentdel bøker med høg grad av realisme hjå bøker skrive på nynorsk for aldersgruppa 8-9 år og minst prosentdel hjå bøker skrive på bokmål for aldersgruppa 8-9 år. For dei resterande gruppene, bokmålsbøker 6-7 år og nynorskbøker 6-7 år, er prosentdelen for høg grad av realisme heilt lik og ligg på 83,3 %. Sidan ein ikkje har ei einaste bok som er vurdert til låg grad av realisme i gruppene bokmålsbøker 6-7 år og nynorskbøker 6-7 år, er også prosentdelen for middels grad av realisme i desse gruppene heilt lik og ligg på 16,7 %. Når det gjeld middels grad av realisme har bokmålsbøker for 8-9-åringar størst prosentdel med 25,9, medan ein i utvalet nynorskbøker for 8-9-åringar finn den minste prosentdelen med 5 %. Den einaste gruppa med innslag av bøker med låg grad av realisme er bokmålsbøker for målgruppa 8-9 år, med 9,4 %.

5.3 Stad for handling

Av 165 bøker er 51 (30,9 %) av handlingane lokaliserte i by, 31 (18,8 %) i tettstad og 36 (21,8 %) i bygd. I tillegg er det 47 bøker (28,5 %) som har usikker lokalisering av handling. Om ein ser på skilnadene i lokalisering mellom bøker på bokmål og bøker på nynorsk finn ein at: Av 139 bøker på bokmål har 46 bøker handling som finn stad i bymiljø. Dette utgjer 33,1 %. Av 26 bøker på nynorsk finn 5 av dei stad i bymiljø som utgjer 19,2 %. Vidare har 26 bøker på bokmål og 5 bøker på nynorsk handling som finn stad i tettstad. I prosent utgjer dette 18,7 % av bøkene på bokmål og 19,2 % av bøkene på nynorsk. Når det gjeld lokalisering til bygd finn ein 23 bøker på bokmål og 13 bøker på nynorsk. Dette gjer at ein i materialet har 16,5 % bøker på bokmål og 50,0 % bøker på nynorsk med handling lokalisert til bygd. I materialet finn ein at 44 bøker på bokmål og 3 bøker på nynorsk har usikker lokalisering. Av dette får ein at 31,7 % av bokmålbøkene og 11,5 % av nynorskbøkene har usikker lokalisering.


Figur 5.5: Prosentvis fordeling av lokalisering i bøkene etter målform.



Etter fordeling av bøkene i aldersgrupper som i registreringsskjema får ein desse tala:

- Bokmålsbøker 6-7 år, i alt 54 stk.: 31,5 % (17 stk.) finn stad i by, 22,2 % (12 stk.) finn stad i tettstad, 14,8 % (8 stk.) finn stad i bygd og 31,5 % (17 stk.) har usikker lokalisering.
- Bokmålsbøker 8-9 år, i alt 85 stk.: 34,1 % (29 stk.) finn stad i by, 16,5 % (14 stk.) finn stad i tettstad, 17,6 % (15 stk.) finn stad i bygd og 31,8 % (27 stk.) har usikker lokalisering.
- Nynorskbøker 6-7 år, i alt 6 stk.: 33,3 % (2 stk.) finn stad i by, 0 % (0 stk.) finn stad i tettstad, 50,0 % (3 stk.) finn stad i bygd og 16,7 % (1 stk.) har usikker lokalisering.
- Nynorskbøker 8-9 år, i alt 20 stk.: 15,0 % (3 stk.) finn stad i by, 25,0 % (5 stk.) finn stad i tettstad, 50,0 % (10 stk.) finn stad i bygd og 10,0 % (2 stk.) har usikker lokalisering.

Figur 5.6: Prosentvis fordeling av lokalisering i bøkene etter målform og aldersgruppering.




Om ein samanliknar dei fire gruppene ser ein at prosentdelen bøker som er lokalisert i by er nokså lik, og ligg på litt over 30 %. Eit avvik har ein likevel i gruppa nynorskbøker 8-9 år, der 15 % av bøkene finn stad i ein by. Når det gjeld lokalisering i tettstad, vekkjer det mest oppsikt at ein ikkje finn nokon bøker (0 %) med ei slik lokalisering i gruppa nynorskbøker 6-7 år. I høve bygd som lokalisering ser ein ei deling av funna, der ein i begge gruppene for nynorskbøker finn ein markant større prosentdel bøker som er lokaliserte til bygd samanlikna med prosentdelane i gruppene for bokmålbøker. Ei slik deling i materialet finn ein også for usikker lokalisering, der ein i begge gruppene for bokmålbøker har større prosentdel samanlikna med begge gruppene for nynorskbøker.

5.4 Språk

Når ein vurderer og deler materialet inn etter korleis språket i bøkene er finn ein 2 bøker (1,2 %) med vanskeleg språk, 51 (30,9 %) med normalisert språk og 112 (67,9 %) med talemålnært språk. Om ein ser på skilnader mellom nynorskbøker og bokmålbøker, har 93 av dei 139 letlestbøkene på bokmål talemålnært språk og 19 av dei 26 letlestbøkene på nynorsk talemålnært språk. I prosent får ein at 66,9 % av bokmålsbøkene og 73,1 % av nynorskbøkene har talemålnært språk. Vidare har 44 bokmålbøker og 7 nynorskbøker eit normalisert språk. Dette utgjer 31,7 % av bokmålsbøkene og 26,9 % av nynorskbøkene. Det finst berre to bøker med vanskeleg språk i materialet, og desse utgjer 1,4 % av bøkene på bokmål.


Figur 5.7: Prosentvis fordeling av korleis språket i bøkene er etter målform.



Etter fordeling av bøkene i grupper som i registreringsskjema finn ein:

- Bokmålsbøker 6-7 år, i alt 54 stk.: 0 % (0 stk.) har vanskeleg språk, 59,3 % (32 stk.) har normalisert språk, 40,7 % (22 stk.) har talemålsnært språk.
- Bokmålsbøker 8-9 år, i alt 85 stk.: 2,4 % (2 stk.) har vanskeleg språk, 14,1 % (12 stk.) har normalisert språk, 83,5 % (71 stk.) har talemålsnært språk.
- Nynorskbøker 6-7 år, i alt 6 stk.: 0 % (0 stk.) har vanskeleg språk, 66,7 % (4 stk.) har normalisert språk, 33,3 % (2 stk.) har talemålsnært språk.
- Nynorskbøker 8-9 år, i alt 20 stk.: 0 % (0 stk.) har vanskeleg språk, 15 % (3 stk.) har normalisert språk, 85 % (17 stk.) har talemålsnært språk.

Figur 5.8: Prosentvis fordeling av korleis språket i bøkene er etter målform og aldersgruppering.




Av dette oversynet kan ein sjå at dei to bøkene med vanskeleg språk i materialet er bokmålsbøker for aldersgruppa 8-9 år. Vidare finn ein at bøkene for den yngste aldersgruppa (bokmålsbøker 6-7 år og nynorskbøker 6-7 år) prosentvis har meir normalisert språk enn bøkene i den eldste aldersgruppa i begge målformer. Følgjande har bøkene for aldersgruppa 8-9 år i begge målformer større prosentdel bøker med talemålsnært språk enn det bøkene i den yngste aldersgruppa, 6-7 år, har.

5.5 Foreldre involvert/ikkje involvert

Av det samla materialet på 165 bøker er foreldre involvert i 122 (73,9 %) bøker. Av dei 139 bøkene på bokmål er foreldre involvert i 107 av desse, medan foreldre er involvert i 15 av dei 26 bøkene på nynorsk. I prosent får ein at 77,0 % bokmålsbøker og 57,7 % nynorskbøker har

foreldre involvert i handlinga. Ein finn altså fleire bøker med foreldreinvolvering i utvalet av bøker på bokmål enn ein gjer i utvalet av bøker på nynorsk.


Figur 5.9: Prosentvis fordeling av bøkene som har foreldre involvert etter målform.



Fordelt etter same gruppering som i registreringsskjema får ein:

- Bokmålsbøker 6-7 år, i alt 54 stk.: 74,1 % (40 stk.) bøker med foreldre involvert og 25,9 % (14 stk.) bøker der foreldre ikkje er involvert.
- Bokmålsbøker 8-9 år, i alt 85 stk.: 78,8 % (67 stk.) bøker med foreldre involvert og 21,2 % (18 stk.) bøker der foreldre ikkje er involvert.
- Nynorskbøker 6-7 år, i alt 6 stk.: 66,7 % (4 stk.) bøker med foreldre involvert og 33,3 % (2 stk.) bøker der foreldre ikkje er involvert.
- Nynorskbøker 8-9 år, i alt 20 stk.: 55 % (11 stk.) bøker med foreldre involvert og 45 % (9 stk.) bøker der foreldre ikkje er involvert.

Figur 5.10: Prosentvis fordeling av bøkene som har foreldre involvert etter målform og aldersgruppering.




Ut i frå dette oversynet ser ein at bokmålsbøkene for aldersgruppa 8-9 år har størst prosentdel bøker med foreldreinvolvering (78,8 %), medan nynorskbøkene for aldersgruppa 8-9 år har minst prosentdel (55 %). Følgjande har nynorskbøkene for aldersgruppa 8-9 år størst prosentdel bøker utan foreldreinvolvering og bokmålsbøkene for aldersgruppa 8-9 år minst prosentdel.

5.6 Mobbing/ikkje mobbing

Mobbing eller andre former for konflikhtar er ein del av temaet i 75 av 165 bøker. Dette utgjer ein prosentdel på 45,5 %. Om ein samanliknar funna i høve målform, har 65 av 139 bøker på bokmål og 10 av 26 bøker på nynorsk mobbing eller andre former for konflikhtar som del av tema. Dette utgjer 46,8 % av bøkene på bokmål og 38,5 % av bøkene på nynorsk. Prosentvis

finn ein altså fleire bøker på bokmål enn på nynorsk som har mobbing eller andre former for konflikhtar som tema eller som del av tema.


Figur 5.11: Prosentvis fordeling av bøkene med mobbing og andre former for konflikhtar som tema etter målform.



Fordeling etter gruppene frå registreringsskjema ser slik ut:

- Bokmålsbøker 6-7 år, i alt 54 stk.: 22,2 % (12 stk.) bøker med mobbing som tema og 77,8 % (42 stk.) bøker utan.
- Bokmålsbøker 8-9 år, i alt 85 stk.: 62,4 % (53 stk.) bøker med mobbing som tema og 37,6 % (32 stk.) bøker utan.
- Nynorskbøker 6-7 år, i alt 6 stk.: 16,7 % (1 stk.) bøker med mobbing som tema og 83,3 % (5 stk.) bøker utan.
- Nynorskbøker 8-9 år, i alt 20 stk.: 45 % (9 stk.) bøker med mobbing som tema og 55 % (11 stk.) bøker utan.

Figur 5.12: Prosentvis fordeling av bøkene med mobbing og andre former for konflikter som tema etter målform og aldersgruppering.




Om ein samanliknar gruppene, ser ein at det er størst prosentdel bøker med mobbing eller andre former konflikter som tema i bøkene i dei eldste aldersgruppene (bokmålsbøker 8-9 år og nynorskbøker 8-9 år). Den største prosentdelen finn ein i gruppa bokmålsbøker 8-9 år (62,4 %) og den minste prosentdelen i gruppa nynorskbøker 6-7 år (16,7 %).

5.7 Venskap/ikkje venskap

Venskap er ein del av tematikken i 127 av 165 bøker. Dette utgjer 77 % av det samla materialet. Om ein samanliknar funna i materialet i høve målform, finn ein at 105 av 139 bøker på bokmål og 22 av 26 bøker på nynorsk har venskap som tema eller del av tema. I prosent utgjer dette 75,5 % av bokmålsbøkene og 84,6 % av nynorskbøkene, og ein kan konkludere med at det prosentvis er flest bøker på nynorsk med venskap som tema.


Figur 5.13: Prosentvis fordeling av bøkene med venskap som tema etter målform.



Etter fordeling i grupper som i registreringsskjema finn ein:

- Bokmålsbøker 6-7 år, i alt 54 stk.: 85,2 % (46 stk.) bøker med venskap som tema og 14,8 % (8 stk.) bøker utan.
- Bokmålsbøker 8-9 år, i alt 85 stk.: 69,4 % (59 stk.) bøker med venskap som tema og 30,6 % (26 stk.) bøker utan.
- Nynorskbøker 6-7 år, i alt 6 stk.: 83,3 % (5 stk.) bøker med venskap som tema og 16,7 % (1 stk.) bøker utan.
- Nynorskbøker 8-9 år, i alt 20 stk.: 85 % (17 stk.) bøker med venskap som tema og 15 % (3 stk.) bøker utan.

Figur 5.14: Prosentvis fordeling av bøkene med venskap som tema etter målform og aldersgruppering.



Om ein samanliknar resultatata i dei ulike gruppene, finn ein at prosentdelen bøker med venskap som tema er svært lik for gruppene bokmålsbøker 6-7 år, nynorskbøker 6-7 år og nynorskbøker 8-9 år. Grappa bokmålsbøker for aldersgruppa 8-9 år skil seg her frå resten med ein mindre prosentdel bøker med venskap som tema.

6 Drøfting av funn frå undersøkinga

I det følgjande vil eg drøfte funna frå undersøkinga gjennomgåande og særskilt i lys av teoriene eg presenterte i kapittel 2. Fordi undersøkinga byggjer på hypotesane presentert i delkapittel 3.6, vil eg starte dette kapitlet med å setje hypotesane opp mot funna frå undersøkinga for slik å avvise eller gå god for dei. For å seie noko om kor sikker eg kan vere på at resultata er allmenngyldige og slik kor sannsynleg det er at konklusjonane mine kring stadfesting eller avvising av hypotesane stemmer, testar eg resultata i forhold til statistisk signifikans. For å gi eit heilskapleg bilete av bøkene på dei to målformene gjer eg vidare ei utdjupande vurdering av resultata frå kapittel 5. Til slutt drøftar eg funna i forhold til teoriene frå kapittel 2, og eksemplifiserer dei gjennom fire bøker frå utvalet.

6.1 Statistisk hypotesetesting

På bakgrunn av det innsamla datamaterialet vil eg teste og ta stilling til hypotesane eg sette opp i delkapittel 3.6. For å teste hypotesane brukar eg statistiske mål som viser kor sikker eg kan vere på at det er faktiske forskjellar som kan generaliserast til heile populasjonen eg har funne i utvalet. Som signifikanstest brukar eg Khi-kvadrattesten, og for å teste kor sannsynleg det er at Chi-verdien stemmer tek eg i bruk Cramers V som korrelasjonsmål. I forhold til generaliseringa set eg signifikansnivået til 5 %, noko som i praksis tyder at eg aksepterer og tek høgde for feilregistrering av maksimalt 5 av 100 bøker i utvalet.

6.1.1 Flest seriebøker på bokmål

H1: Det finst fleire seriebøker på bokmål enn på nynorsk.

71,2 % av bøkene på bokmål og 46,2 % av bøkene på nynorsk er seriebøker. Altså er prosentdelen seriebøker større på bokmål enn på nynorsk, og ein kan seie at hypotesen stemmer med resultatata frå utvalet. I kva grad resultatata i forhold til samanhengen mellom målform og seriebøker kan generaliserast til å gjelde heile populasjonen av lettlestbøker, kan ein sjå ved hjelp av dei utrekna statistiske korrelasjonsmåla i tabell 6.1.

Tabell 6.1: Samanhengen mellom målform og seriebøker.

v1 Målform

v2 Serie/ikkje serie

Loddrett prosenttuering	Nynorsk	Bokmål	Totalt
Serie	46.2	71.2	67.3
Ikkje serie	53.8	28.8	32.7
Sum	100.0	100.0	100.0
N=	26	139	165

Chi = 6.252

Fridomsgrader = 1

Cramers V = 0.195

Ifølgje grenseverditabellen (sjå vedlegg 1) overstig Chi-verdien den kritiske verdien (3,84).

Dette gjer at ein kan forkaste null-hypotesen om ingen samvariasjon i populasjonen, og konkludere med at det er 95 % sannsyn for at det er ein reell samvariasjon mellom variablane også i populasjonen. Fordi Cramers V har ein verdi som ligg midt mellom liten og middels effektstorleik, hallar den til at det ikkje finst statistisk samvariasjon mellom variablane.

Cramers V avviser likevel ikkje ein statistisk samvariasjon, og det kan godt vere at resultatet frå Khi-kvadrattesten stemmer.

6.1.2 Større grad av realisme i nynorskbøkene

H2: Bøkene med nynorsk som målform er meir realistiske og har såleis mindre fantastiske innslag enn bøkene med bokmål som målform.

Av resultatene i tabell 6.2 ser ein at det prosentvis er flest nynorske bøker med høg grad av realisme og flest bøker på bokmål med middels eller låg grad av realisme. Hypotesen stemmer dermed for utvalet, og for å finne ut om det er sannsynleg at den stemmer med resten av populasjonen må ein sjå på korrelasjonsmåla i tabellen.

Tabell 6.2: Samanhengen mellom målform og grad av realisme.

v1 Målform

v3 Grad av realisme

Loddrett prosenttuing	Loddrett prosenttuing		
	Nynorsk	Bokmål	Totalt
Høg	92.3	71.9	75.2
Middels	7.7	22.3	20.0
Låg	0.0	5.8	4.8
Sum	100.0	100.0	100.0
N=	26	139	165

Chi = 5.043

Fridomsgrader = 2

Cramers V = 0.175

Ifølgje grenseverditabellen kjem Chi-verdien under den kritiske verdien (5,99).

Konsekvensane er at ein ikkje kan forkaste null-hypotesen om ingen samvariasjon i populasjonen. Det er då under 95 % sannsyn for ein reell samvariasjon mellom variablane også i populasjonen. På grunn av at Cramers V er relativt liten hallar også den til at det ikkje finst statistisk samvariasjon mellom variablane.

6.1.3 Størst innslag av bygdemiljø i nynorskbøker og bymiljø i bokmålsbøker.

H3: Handlinga i dei nynorske bøkene er oftare lagt til bygd samanlikna med bøkene på bokmål. Motsett er handlinga i bøkene skrive på bokmål oftare lagt til bymiljø enn det handlinga i bøkene skrive på nynorsk er.

Av resultata i tabell 6.3 ser ein at handlinga i 50 % av nynorskbøkene finn stad på bygda. I tillegg til at handlinga oftast er lokalisert til bygd i nynorskbøkene, er prosentdelen bøker med handling lokalisert til bygd større hjå nynorskbøkene samanlikna med bokmålsbøkene. Av resultata ser ein vidare at handlinga i bøkene på bokmål prosentvis oftast finn stad i bymiljø og at prosentdelen bøker som har lokalisering til by er større hjå bokmålsbøkene enn hjå nynorskbøkene. Hypotesen stemmer for utvalet, og korrelasjonsmåla i tabellen vil vise om hypotesen kan generaliserast til heile populasjonen.

Tabell 6.3: Samanhengen mellom målform og lokalisering.

v1 Målform

v4 Stad for handling

Loddrett prosenttuering	Loddrett prosenttuering		
	Nynorsk	Bokmål	Totalt
By	19.2	33.1	30.9
Tettstad	19.2	18.7	18.8
Bygd	50.0	16.5	21.8
Usikkert	11.5	31.7	28.5
Sum	100.0	100.0	100.0
N=	26	139	165

Chi = 15.711

Fridomsgrader = 3

Cramers V = 0.309

Ifølgje grenseverditabellen ligg Chi-verdien godt over den kritiske verdien (7,82). Dette gjer at ein kan forkaste null-hypotesen om ingen samvariasjon i populasjonen, og konkludere med at det er 95 % sannsyn for at det er ein reell samvariasjon mellom variablane også i

populasjonen. Cramers V viser ein middels effektstorleik, og støtter difor opp under at resultatet frå Khi-kvadratet stemmer og at det finst ein statistisk samvariasjon mellom variablane.

6.1.4 Nynorskbøker er mest talemålsnære

I undersøkinga av den neste hypotesen oppstod det eit misforhold mellom hypotese og funn. Hypotesen som ikkje stemmer overeins med resultata frå utvalet er formulert slik:

H4: Ein finn fleire bøker med innslag av dialektuttrykk og frigjering frå skriftspråknormalen på bokmål enn på nynorsk. Tekstar i bøker skrivne på bokmål vil såleis i større grad vere forsøk på å likne målgruppa sin munnlege tale.

Misforholdet ser ein om ein samanliknar hypotesen med resultata i tabell 6.4, der det prosentvis er fleire nynorskbøker enn bokmålsbøker med talemålsnært språk og prosentvis fleire bokmålsbøker med vanskeleg og normalisert språk. For å finne ut om det også er slik at hypotesen ikkje stemmer med resten av populasjonen ser eg på korrelasjonsmåla.

Tabell 6.4: Samanhengen mellom målform og språk.

v1 Målform	v5 Språk		
Loddrett prosenttuing	Nynorsk	Bokmål	Totalt
Vanskeleg	0.0	1.4	1.2
Normalisert	26.9	31.7	30.9
Talemålsnært	73.1	66.9	67.9
Sum	100.0	100.0	100.0
N=	26	139	165

Chi = 0.656
 Fridomsgrader = 2
 Cramers V = 0.063

Ifølgje grenseverditabellen ligg Chi-verdien godt under den kritiske verdien (5,99). På grunn av dette kan ein ikkje forkaste null-hypotesen om ingen samvariasjon i populasjonen, og det er difor under 95 % sannsyn for at det er ein reell samvariasjon mellom variablane i populasjonen. Cramers V er også svært liten og tyder på det same som Khi-kvadrattesten viste; at det mest sannsynleg ikkje er statistisk samvariasjon mellom variablane.

6.1.5 Flest bokmålsbøker med foreldreinvolvering

H5: Det finst fleire bøker der foreldre er involvert i handlinga på bokmål enn på nynorsk.

Av resultatata i tabell 6.5 kan ein sjå at det prosentvis er fleire bøker på bokmål enn på nynorsk som har foreldre involvert i handlinga. Dette gjer at hypotesen stemmer for utvalet. Ved å sjå på korrelasjonsmåla undersøker eg sannsynet for at hypotesen gjeld for populasjonen som heilskap.

Tabell 6.5: Samanhengen mellom målform og foreldreinvolvering.

v1 Målform

v6 Foreldre involvert/ikkje involvert

Loddrett prosentuering

	Nynorsk	Bokmål	Totalt
Foreldre involvert	57.7	77.0	73.9
Foreldre ikkje involvert	42.3	23.0	26.1
Sum	100.0	100.0	100.0
N=	26	139	165

Chi = 4.228

Fridomsgrader = 1

Cramers V = 0.160

Ifølgje grenseverditabellen overstig Chi-verdien den kritiske verdien (3,84). Dette gjer at null-hypotesen om ingen samvariasjon i populasjonen kan forkastast, og at det er 95 % sannsyn for

ein reell samvariasjon mellom variablane også i populasjonen. Cramers V er relativt liten og hallar til ingen samvariasjon mellom variablane, men avviser heller ikkje at det kan vere ein samvariasjon.

6.1.6 Størst førekomst av mobbing og andre konflikthar i bokmålsbøker

H6: Mobbing eller andre former konflikthar er hyppigare ein del av tematikken i bøker skrivne på bokmål enn i bøker skrivne på nynorsk.

Av tabell 6.6 kan ein sjå at det er større prosentdel bokmålsbøker enn nynorskbøker med mobbing eller andre former for konflikthar som tema. Hypotesen stemmer altså med utvalet, og for å sjå om den også stemmer for heile populasjonen ser eg på korrelasjonsmåla.

Tabell 6.6: Samanhengen mellom målform og førekomst av mobbing.

v1 Målform

v7 Mobbing/ikkje mobbing

Loddrett prosenttuering

	Nynorsk	Bokmål	Totalt
Mobbing	38.5	46.8	45.5
Ikkje mobbing	61.5	53.2	54.5
Sum	100.0	100.0	100.0
N=	26	139	165

Chi = 0.609

Fridomsgrader = 1

Cramers V = 0.061

Ifølgje grenseverditabellen ligg Chi-verdien godt under den kritiske verdien (3,84). Dette gjer at ein ikkje kan forkaste null-hypotesen om ingen samvariasjon i populasjonen, og at det er under 95 % sannsyn for at det er ein reell samvariasjon mellom variablane i populasjonen.

Cramers V er liten og viser at dersom det finst ein statistisk samvariasjon mellom variablane er den svak.

6.1.7 Størst førekomst av venskap som tema i nynorskbøker

H7: Venskap er oftare brukt som tema i nynorske bøker enn i bøker skrivne på bokmål.

Av resultatane i tabell 6.7 kan ein sjå at det er større prosentdel nynorskbøker enn bokmålsbøker med venskap som tema, og at hypotesen difor stemmer. Eg ser på korrelasjonsmåla for å sjå om resultatane frå utvalet kan generaliserast til å gjelde heile populasjonen.

Tabell 6.7: Samanheng mellom målform og venskap som tema.

v1 Målform

v8 Venskap/ikkje venskap

Loddrett prosenttuering

	Nynorsk	Bokmål	Totalt
Venskap	84.6	75.5	77.0
Ikkje venskap	15.4	24.5	23.0
Sum	100.0	100.0	100.0
N=	26	139	165

Chi = 1.018

Fridomsgrader = 1

Cramers V = 0.079

Grenseverditabellen viser at Chi-verdien ligg under den kritiske verdien (3,84). Ein kan difor ikkje forkaste null-hypotesen, fordi det er under 95 % sannsyn for at det er ein reell samvariasjon mellom variablane i populasjonen. Cramers V er liten og hallar difor til ingen samvariasjon mellom variablane, men avvise heller ikkje at det kan vere ein samvariasjon.

6.2 Vurdering av skilnadene

Fordi målet med statistisk hypotesetesting er å bekrefte eller avkrefte om hypotesane stemmer både for utval og populasjon, gjer eg ei samanlikning av resultata frå utvalet bokmålsbøker og nynorskbøker for å finne kven av dei som i størst grad stemmer med hypotesen.

Hypotesetestinga fokuserer altså berre på kva målform som har størst prosentdel for den bestemte variabelkategorien ein treng opplysningar om for å kaste lys over hypotesen. På denne måten kan ein risikere å utelate informasjon om kva variabelkategori som har den største prosentdelen i ei målform, fordi den same kategorien i den andre målforma har ein enno større prosentdel og slik vert ståande som det karakteristiske for ein av målformene. Ei slik samanlikning vil difor ikkje strekke til om eg skal gi eit heilskapleg bilete av den typiske bokmålsboka og nynorskboka. I tillegg til å samanlikne må eg, for å gi ei korrekt framstilling av bøkene på dei to målformene i utvalet, sjå resultata frå utvala kvar for seg og samanlikne kategoriane i variablane innbyrdes.

For å summere opp resultata frå kapittel 5 kan ein sjå på kva som er typisk for bøker på dei to målformene. Typisk for bokmålsbøkene er at dei er seriebøker, har høg grad av realisme, at handlinga finn stad i bymiljø, at språket er talemålsnært, at foreldre er involvert i handlinga og at tematikken ikkje har innslag av mobbing, men av venskap. Typisk for nynorskbøkene er at dei ikkje er seriebøker, har høg grad av realisme, at handlinga finn stad på bygda, at språket er talemålsnært, at foreldre er involvert i handlinga, og at tematikken ikkje har innslag av mobbing, men av venskap. Den typiske nynorskboka skil seg altså frå den typiske bokmålsboka ved å ikkje vere seriebok og lokalisert til bygd i staden for by. For ei meir nyansert vurdering av resultata går eg i det følgjande nærare inn på kvar av variablane eg har brukt i undersøkinga av utvalet.

6.2.1 Serie/ikkje serie

I utvalet av bokmålsbøker er det størst prosentdel seriebøker, medan det i utvalet nynorskbøker er størst prosentdel bøker som ikkje er seriebøker. Om ein samanliknar målformene er den største prosentdelen seriebøker altså å finne hjå bokmålsbøkene. Om ein ser resultatata fordelt etter alder og målform som i figur 5.2 finn ein at det er størst prosentdel seriebøker hjå bøkene for dei eldste aldersgruppene, både for bokmålsbøkene og nynorskbøkene. Om ein samanliknar resultatata for dei to målformene ser ein at prosentdelen seriebøker likevel er større både for grupperinga bokmålsbøker 6-7 år og bokmålsbøker 8-9 år samanlikna med prosentdelen seriebøker for gruppa nynorskbøker 8-9 år.

6.2.2 Grad av realisme

I begge målformene er det størst prosentdel bøker med høg grad av realisme, nest størst prosentdel med middels grad av realisme, og minst prosentdel med låg grad av realisme. Om ein samanliknar resultatata for dei to målformene, finn ein at det er størst prosentdel bøker med høg grad av realisme på nynorsk og at ein finn dei største prosentdelane med middels eller låg grad av realisme hjå bokmålsbøkene. Om ein ser resultatata fordelt etter alder og målform som i figur 5.4, ser ein at ein finn den største prosentdelen bøker med høg grad av realisme hjå nynorskbøkene for aldersgruppa 8-9 år, medan ein finn den minste prosentdelen hjå bokmålsbøkene for same aldersgruppe. Omvendt finn ein den største prosentdelen bøker med middels grad av realisme hjå bokmålsbøkene for aldersgruppa 8-9 år, medan nynorskbøkene for same aldersgruppe har minst prosentdel. Bokmålsbøkene for aldersgruppa 8-9 år er vidare den einaste gruppa som har bøker med låg grad av realisme.

6.2.3 Stad for handling

I utvalet av bokmålsbøker er det størst prosentdel bøker med handling lokalisert til bymiljø og nest størst prosentdel bøker med usikker lokalisering. Nest minst i utvalet bokmålsbøker er prosentdelen med handling lokalisert til tettstad og minst er prosentdelen med bøker med handling som finn stad på bygda. For nynorskbøkene er prosentdelen bøker med handling som finn stad i bygd klart størst. Deretter ligg lokalisering til by og tettstad på delt andre plass, medan det er minst prosentdel nynorskbøker med usikker lokalisering. Om ein samanliknar resultatata for dei to målformene finn ein størst prosentdel bøker med handling lokalisert til by hjå bokmålsbøkene og størst prosentdel bøker med handling lokalisert til bygd hjå nynorskbøkene. Når det gjeld tettstad som lokalisering er resultatata nesten like, men bokmålsbøkene har den største prosentdelen. I høve usikker lokalisering er det klart størst prosentdel bokmålsbøker. Om ein samanliknar resultatata etter alder og målform som i figur 5.6, ser ein at prosentdelen bøker med by som lokalisering er nokså lik for alle grupperingane unnta ein mindre prosentdel for gruppa nynorskbøker 8-9 år. I høve lokalisering til tettstad er prosentdelen størst for nynorskbøkene for aldersgruppa 8-9 år medan ein ikkje finn nokon bøker med denne lokaliseringa i gruppa nynorskbøker 6-8 år. Prosentdelen bøker med bygd som lokalisering er lik for begge gruppene med nynorskbøker, og klart større enn prosentdelen i dei to gruppene med bokmålsbøker. Like eins er prosentdelen bøker med usikker lokalisering tilnærma lik for begge gruppene med bokmålsbøker, og større enn prosentdelane i nynorskgruppene.

6.2.4 Språk

I begge målformene er det størst prosentdel bøker med talemålsnært språk, nest størst prosentdel med normalisert språk og minst prosentdel med vanskeleg språk. Om ein samanliknar resultatata er prosentdelen bøker med talemålsnært språk størst hjå nynorskbøkene,

medan prosentdelen bøker med normalisert og vanskeleg språk er størst hjå bokmålsbøkene. Skilnadene er likevel nokså små. I høve skilnadene mellom resultata fordelt etter alder og målform som figur 5.8 syner, kan ein sjå at dei yngste aldersgrupperingane i begge målformer har større prosentdel bøker med normalisert språk enn det dei eldste aldersgruppene i begge målformer har. Omvendt har dei eldste aldersgruppene i begge målformer større prosentdel bøker med talemålsnært språk enn det dei yngste aldersgruppene i begge målformer har. Gruppa for bokmålsbøker 8-9 år er den einaste staden ein kan finne innslag av bøker med vanskeleg språk.

6.2.5 Foreldre involvert/ikkje involvert

I begge målformene er det størst prosentdel bøker med foreldre involvert i handlinga, og det er i utvalet av bokmålsbøker at overvekta av bøker med foreldre involvert er tydelegast. Om ein samanliknar resultata har bokmålsbøkene større prosentdel foreldreinvolvering enn det nynorskbøkene har. Fordelt etter alder og målform, som i figur 5.10, ser ein at ein finn den største prosentdelen bøker med foreldre involvert i gruppa bokmålsbøker 8-9 år og den minste prosentdelen i gruppa nynorskbøker 8-9 år. Om ein ser på alle gruppene under eitt kan ein likevel ikkje seie at skilnadene i prosentdelinga er markant.

6.2.6 Mobbing/ikkje mobbing

I begge målformene er det størst prosentdel bøker der mobbing ikkje er ein del av handlinga. Overvekta av bøker utan mobbing er størst hjå nynorskbøkene og dette gjer at nynorskbøkene har større prosentdel bøker utan mobbing enn bokmålsbøkene. Skilnadene i prosentdelinga er likevel ikkje stor. Fordelt etter alder og målform som i figur 5.12 ser ein at ein finn den klart

største prosentdelen bøker med mobbing i dei eldste aldersgruppene i begge målformer, og at den aller største prosentdelen finst i gruppa bokmålsbøker 8-9 år.

6.2.7 Venskap/ikkje venskap

I begge målformene er det klart størst prosentdel bøker med venskap som tema. Aller størst er prosentdelen hjå nynorskbøkene, men skilnadene er ikkje store. Fordelt etter alder og målform som i figur 5.14 ser ein at prosentdelen bøker med venskap som tema er svært lik for alle gruppene unnateke gruppa bokmålsbøker 8-9 år. Denne gruppa skil seg ut ved at det her er ein relativt mykje mindre prosentdel bøker med venskap som tema.

6.3 Kva er årsakene til skilnadene?

For å seie noko om årsakene til funna må eg søkje å finne samanhengar mellom resultatata frå undersøkinga og dei framlagde teoriane om ein nynorsk identitet. I teorikapitlet konkluderte eg med at den nynorske identiteten tek form som ei førestelling om ei kulturell norm knytt til nynorskbrukarane. Uavhengig av om nynorskbrukarane lever opp til norma eller ikkje er dei uansett berarar av eit ideal som påverkar oppfatninga av kven nynorskbrukarane er og korleis dei lever. Ifølgje teorien er idealet delt i to på den måten at nynorskbrukarane vert sett på både som tradisjonelle og konservative og som opposisjonelle og radikale, og det er desse identitetane eg må kople resultatata frå undersøkinga til.

I den fyrste hypotesen la eg fram ein påstand om at det ville vere fleire seriebøker på bokmål enn på nynorsk. Dette stemde med resultatata frå utvalet. Om ein skal gjere eit forsøk på å greie

ut om dei bakanforliggende årsakene til resultatet, kan ein sjå resultata i samband med det miljøet ein ser føre seg at nynorskbrukarane høyrer heime i. Knytt til oppfatninga av nynorskbrukaren som tradisjonell og konservativ ligg det ei førestelling om at nynorskbrukaren lever i utkantstrok i eit umoderne, skjerma og fintfarande samfunn. I eit slikt samfunn er borna med på færre organiserte aktivitetar, og kravet til foreldreinvolvering i borna si fritid er dermed mindre. Som ei følgje av mindre foreldrestyring og påverknad frå storsamfunnet kan ein tenkje seg at det nynorske barnet er meir sjølvstendig og har større moglegheiter for å utvikle individuelle særtrekk. Ut i frå ein slik tankegang kan ein tenkje seg at forfattaren vert påverka til å gi ut bøker med eigenskapar som kan signalisere eit liknande sjølvstende, ved ikkje å vere del av ein serie og slik ikkje likne andre, for å appellere til lesaren.

Skildringa av det ein tenkjer er det typiske heimemiljøet til nynorskbrukarane kan også tene som årsaksforklaring på at hypotese fem, seks og sju stemmer med resultata frå utvalet i undersøkinga. Resultata viser at det prosentvis er fleire bokmålsbøker enn nynorskbøker med foreldre involvert i handlinga, med mobbing og andre former for konflikthar som del av tematikken, og med utelating av venskap som tema. Om ein ser resultata i samanheng med dei miljøa ein assosierer til brukarane av dei ulike målformene, kan det at det er størst prosentdel bøker på bokmål med foreldre involvert i handlinga forklarast ut frå førestellinga om at det i bokmålsbrukarane sitt moderne tilvære som nemnt vert sett større krav til foreldrestyring i kvardagen når det gjeld aktivisering av borna. I eit slikt moderne samfunn kan ein også tenkje seg at miljøet er røffare. Dette kan tene som årsak både til at det prosentvis er meir mobbing og andre former for konflikthar i bokmålsbøkene enn i nynorskbøkene, og til at det prosentvis er færre bokmålsbøker enn nynorskbøker med venskap som tema.

Om ein ser på resultatata i høve foreldreinvolvering, venskap og mobbing som tema fordelt etter alder i tillegg til målform, finn ein støtte for at førestellinga om ulike heimemiljø knytt til brukarane av bokmål og nynorsk kan tene som årsaksforklaring til funna. Årsaksforklaringa vert forsterka av prosentfordelinga i høve dei eldste aldersgruppene. Samanlikna med dei andre gruppene har bokmålsbøkene for aldersgruppa 8-9 år den største prosentdelen bøker med foreldreinvolvering og mobbing som tema, og den minste prosentdelen bøker med venskap som tema (figur 5.10, 5.12 og 5.14). Til skilnad har nynorskbøkene for aldersgruppa 8-9 år minst prosentdel bøker med foreldreinvolvering og mobbing som tema og vesentleg større prosentdel bøker med venskap som tema. Sjølv om bokmålsbøkene for aldersgruppa 8-9 år har den største prosentdelen bøker med mobbing som tema, har også nynorskbøkene for den eldste aldersgruppa større prosentdel bøker med mobbing som tema enn både bokmålsbøkene og nynorskbøkene for dei yngste aldersgruppene.

Fordelinga av resultatata etter alder i tillegg til målform viser at det er i bøkene tenkt for dei eldste aldersgruppene i utvalet ein finn størst samsvar med resultatata fordelt etter målform åleine. At det er bøker berekna på dei eldste aldersgruppene som best representerer den overordna fordelinga, forsterkar tanken om assosiasjonar til målbrukarane sine heimemiljø som årsaksforklaring. Grunnen til dette er at ein kan tenkje seg at dess eldre borna vert, dess meir medvitne vert dei om sitt eige tilvære. Dette gjer at dess eldre born forfattaren skriv for, dess viktigare vert det for ho å knyte handlingane i bøkene til det ein tenkjer seg er kvardagslege hendingar i lesaren sitt liv. I tillegg til ynsket om å tilpasse teksten lesaren, vil forfattaren sin identitet knytt til den målforma ho ser som sitt hjartespår²⁹ kunne påverke val

²⁹ Nynorsk som hjartespår kan definerast som "ei handling som eksplisitt eller implisitt viser til kven du er, eller kven du vil vere, samtidig som (språk)handlinga viser til ein konflikt som ikkje berre er språkleg, men også kulturell" (Hjorthol 2004:58).

av tema og grad av foreldreinvolvering i bøkene. Ein tenkjer seg då at forfattaren meir eller mindre medvite påverkar tekstane med sine kulturelle og personlege referansar.

Trass i at eg brukar funna for å bekrefte eller avkrefte hypotesane knytt til målformene, er skilnadene mellom målformene når det gjeld foreldreinvolvering, mobbing og venskap likevel ikkje store. Som sagt er det meir mobbing og mindre venskap i bokmålsbøkene om ein samanliknar dei med nynorskbøkene, men om ein ser bokmålsbøkene isolert finn ein også her, som i utvalet nynorskbøker, størst prosentdel bøker utan mobbing og med venskap som tema. Like eins finn ein minst prosentdel bøker med foreldreinvolvering i utvalet nynorskbøker, sjølv om det i utvalet nynorskbøker isolert sett er størst prosentdel bøker med foreldreinvolvering. Grunnen til at det finst størst prosentdel bøker med foreldreinvolvering, utan mobbing og med venskap som tema i begge målformer kan tenkjast å ha noko med lettlestbøker som konsept å gjere og forfattaren sitt ynskje om å tilpasse bøkene til lesaren. Lettlestbøkene eg har undersøkt er bøker for born i alderen 6-9 år. Når bøkene er tilpassa born i denne aldersgruppa er det naturleg med stor grad av foreldreinvolvering, då dette oftast også er tilfelle i det tilveret borna lever i. At det er lite mobbing og mykje venskap i bøkene kan tenkjast å henge saman med lettlestbøker sin funksjon. Føremålet med lettlestbøker er å stimulere til leselyst, og positive og ufarlege tema vil slik kanskje oppfattast av forfattarane som best eigna fordi det er den enklaste måten å gi lesaren gode leseopplevingar på.

Om ein igjen retter søkjelyset mot seriebøker, kan ei anna mogleg årsaksforklaring på at det er flest bokmålsbøker som er seriebøker ligge i forfattaren sin eigen identitet. Om forfattaren har nynorsk som ”hjartespåk” kan det å gi ut bøker som ikkje er seriebøker tenkjast å stette behovet for å skilje seg ut og markere sin eigen nynorske identitet. Når det nynorske

skriftspråket kan brukast i spesielle og originale bøker, provar forfattaren for seg sjølv og andre at nynorsk også må vere godt nok for dei meir ”vanlege” seriebøkene. Å gi ut bøker som ikkje er del av ein serie kan slik vere ein måte for forfattarane å legitimere det nynorske skriftspråket på marknaden. Forfattarane vil, som Geir Hjorthol (2004:67) peiker på, slik føle at dei må skilje seg ut for å skilje seg inn.

Om ein ser på resultatata fordelt etter aldersgrupper i tillegg til målform ser ein at prosentdelen seriebøker er størst for dei eldste aldersgruppene i begge målformer, og spesielt godt ser ein dette for nynorskbøkene der det ikkje er seriebøker i den yngste aldersgruppa i det heile.

Grunnen til denne fordelinga kan tenkjast å vere at når borna er 8-9 år har dei nådd, eller står på terskelen til å nå, den såkalla ”slukealderen”. I slukealderen er lesekompetansen til born så godt utvikla at mykje av energien dei tidlegare brukte til avkoding no kan brukast til betring av leseforståinga. Borna får slik høve til å verkeleg konsentrere seg om innhaldet og leve seg inn i forteljingane i bøkene, og resultatet vert ofte at borna får lyst å lese meir. Seriebøker vil slik naturleg nok fengje i form av å tilby moglegheiter for framhald av forteljingane, i tillegg til å fengje ved at dei ofte inneheld forteljingar som tematiserer spesielle interesser, til dømes hest eller fotball, som born i den alderen ofte har.

Også den andre hypotesen stemde med resultatata frå utvalet i undersøkinga. Bøkene med nynorsk som målform var meir realistiske enn dei med bokmål som målform, men ein fann høg grad av realisme også i bokmålsbøkene. Årsaka til at det i begge målformer var størst prosentdel bøker med høg grad av realisme, kan tenkjast å ha mykje med lettlestbøker som konsept å gjere. Som nemninga tilseier skal desse bøkene vere lette å lese i den forstand at alle, også nybyrjarar, skal kunne meistre å lese bøkene på eigenhand. For at lesarane skal

kunne og ikkje minst ville lese bøkene, er forståing ein føresetnad. Ifølgje skjema-teoriar oppnår ein best mogleg forståing i leseprosessen om ein byggjer ny kunnskap på kjent kunnskap (Austad 2003:33ff.). På grunnlag av dette er det difor viktig at handlinga i lettlestbøkene tek opp trådar frå det erfaringsgrunnlaget ein kan tenkje seg målgruppa kan ha. Ei naturleg følgje av dette er at graden av realisme i lettlestbøker er høg og at handlinga liknar det ein kan tenkje seg er kvardagslege hendingar for lesaren.

Som i drøftinga av kvifor nynorskbøkene oftast ikkje er seriebøker, kan årsaka til at prosentdelen bøker med høg grad av realisme er størst på nynorsk også setjast i samanheng med kva miljø ein meiner nynorskbrukarane høyrer heime i. Med tilhøyrse i eit verna miljø på bygda kan ein tenkje seg at den nynorske lesaren ikkje har like stort behov som den urbane og moderne bokmålslesaren for å ”flykte frå kvardagen” gjennom ei fantasiforteljing. Som nemnt legg oppvekstvilkåra til det nynorske barnet også meir til rette for uorganisert leik, og fantasien kan sleppast laus på mange område. Behovet for fantasiforteljingar kan difor tenkjast å ikkje vere like stort hjå nynorsklesaren som hjå bokmålslesaren. Om ein ser på den prosentvise fordelinga av bøker med høg grad av realisme i høve alder i tillegg til målform finn ein ytterlegare støtte for ei slik årsaksforklaring. Av figur 5.4 kan ein sjå at den største prosentdelen bøker med høg grad av realisme finst hjå nynorskbøker for aldersgruppa 8-9 år og den minste prosentdelen hjå bokmålsbøker for aldersgruppa 8-9 år. Igjen er det dei eldste aldersgruppene som best representerer den prosentvise fordelinga mellom målformene, og årsaksforklaringa må knytast til førestellinga om eit veksande medvit om eige tilvære. Dess eldre lesarar ein skriv for, dess større vert kravet til adressivitet og tilpassing til mottakar om tekstane skal fengje.

I tillegg til oppvekstvilkår, kan det tenkjast at graden av realisme har samanheng med skilnader i tematikken i bokmålsbøkene og nynorskbøkene.

Tabell 6.8: Samanhengen mellom grad av realisme og tematikk.

v3 Grad av realisme
 Fordelt etter
 v7 Mobbing/ikkje mobbing
 v8 Venenskap/ikkje venenskap

Totalprosent.

	Mobbing		Ikkje mobbing	
	Venskap	Ikkje venenskap	Venskap	Ikkje venenskap
Høg	27.3	6.7	34.5	6.7
Middels	5.5	3.6	7.3	3.6
Låg	1.2	1.2	1.2	1.2
Sum:	33.9	11.5	43.0	11.5

Om ein fordeler kategoriane i variabelen grad av realisme etter variablane mobbing og venenskap som i tabell 6.8, kan ein sjå at ved høg grad av realisme er det størst prosentdel bøker med venenskap som tema utan innslag av mobbing. Prosentdelen bøker med høg grad av realisme er minst dersom venenskap ikkje er tema, og denne prosentdelen er like liten uansett om bøkene har innslag av mobbing eller ei. Fordi prosentdelen bøker med høg grad av realisme vert større dess meir harmoniske bøkene er (venskap som tematikk og fråvær av mobbing), kan ein gå ut frå at den store prosentdelen med høg grad av realisme i utvalet nynorskbøker insinuerer at dei nynorske bøkene tek opp etter måten mindre konfliktfylte tema enn det bokmålsbøkene gjer. Dess mindre konfliktfylte og vanskelege tema som vert tekne opp i bøkene, dess mindre kan ein tenkje seg at behovet for fantasi som middel til å ufarleggjere tema er.

Årsaksforklaringa kan, som i drøftinga av sambandet mellom målform og seriebøker, også knytast til forfattaren sin eigen identitet dersom forfattaren har nynorsk som hjartespråk. Som nemnt fungerer nynorsk som eit sterkare identifikasjonsmerke enn det bokmål som skriftspråk gjer, fordi bokmål dominerer og vert sett på som det normale medan nynorsk har problem lik det minoritetsspråk har og vert sett på som avvikande og markert. På grunn av dette vert brukarane av det nynorske skriftspråket meir medvitne om si eiga kulturelle tilhøyrslse. Med større medvit om si eiga kulturelle tilhøyrslse er det naturleg at nynorskbrukarane også vert meir opptekne av dette. Å skrive bøker med høg grad av realisme kan slik sjåast som eit tilskot i forsøket på å styrke byrgskapen for sin eigen kulturelle identitet.

I den tredje hypotesen la eg fram påstandar om at handlinga i nynorskbøkene oftast er lokalisert til bygd, og at handlinga i bokmålsbøkene oftast finn stad i by. Til liks med dei fyrste hypotesane stemde også denne hypotesen med resultatet frå utvalet i undersøkinga. Årsakene til dette resultatet kan sjølvstakt forklarast ut i frå kva ein reknar som det typiske heimemiljøet til brukarane av nynorsk og bokmål. Ved å lokalisere handlingane i bøkene til det ein kan tenkje seg er kjende miljø for lesaren, ynskjer forfattarane å treffe lesaren best mogleg for slik å oppnå forståing (jamfør Austad 2003:33ff.) og stimulere til leselyst. Val av lokalisering kan sjølvstakt også tenkjast å ha samanheng med forfattaren sin eigen identitet og korleis dette kan setje sitt preg på teksten.

Om ein ser på den prosentvise fordelinga av resultatet i forhold til målform og aldersgruppering (figur 5.6), er fordelinga av bøker der handlinga utspelar seg i bymiljø spesielt interessant. Alle gruppene har om lag lik prosentfordeling av bøker lokalisert til by, unnateke gruppa nynorskbøker 8-9 år som berre har halvparten så stor prosentdel som dei

andre gruppene. Med utgangspunkt i tanken om forfatteren sitt mål om å treffe lesarane på best mogleg måte, støtter resultatet frå fordelinga etter aldersgrupper opp under teorien om eit etter måten stort medvit om eiga kulturell tilhøyrse hjå nynorskbrukarane. At prosentfordelinga er så mykje mindre hjå den eldste aldersgruppa for nynorskbøker enn den yngste, tyder på ei oppfatning av at det kulturelle medvitet naturleg nok vert større dess eldre borna vert. I tillegg til den prosentvise fordelinga av by som lokalisering, tyder også ein svært stor prosentdel bøker med bygd som lokalisering i begge aldersgruppene for nynorsk på ei oppfatning av eit større medvit om eiga kulturell tilhøyrse hjå nynorskbrukarar enn hjå bokmålsbrukarar. Til samanlikning er den største prosentdelen (by som lokalisering) i utvalet av bokmålsbøker ikkje på langt nær like markant som den største prosentdelen (bygd som lokalisering) i utvalet nynorskbøker i forhold til andre lokaliseringar innanfor same målform og i forhold til samanlikning av resultatet for den tilsvarende lokaliseringa i den andre målforma.

I den fjerde hypotesen hevda eg at ein finn fleire bøker med talemålsnært språk på bokmål enn på nynorsk. Dette stemmer ikkje med resultatata frå utvalet i undersøkinga, som viser at prosentdelen bøker med talemålsnært språk er størst for bøkene med nynorsk som målform. Igjen kan nynorsken si sterke rolle som identifikasjonsmerke tenkjast som ei mogleg årsaksforklaring. For det fyrste kan nynorsk sjåast som eit skriftleg uttrykk for dialektane (Vikør 1996:45), og det å ta inn talemålsnære ord i bøkene vil slik falle naturleg. For det andre kan den utstrekke bruken av talemålsnært språk sjåast i samanheng med forfatteren sitt ynskje om å ta avstand frå det tradisjonelle og konservative idealet knytt til brukarane av det nynorske skriftspråket. Når nynorske forfattarar vel å bryte med fastsette skriftnormalar kan det tolkast som eit signal om at dei ynskjer å fremje oppfatninga av nynorsk som eit levande språk, og framheve den nære tilknytninga mellom nynorsk og mange sitt kvardagsspråk. På

denne måten vert nynorsk forsøkt fremja og legitimert som eit moderne språk som kan brukast til alt, i motsetnad til rolla som oppstylta lyrikkspråk.

Skilnaden mellom prosentdelen bøker med talemålsnært språk er likevel ikkje stor mellom utvalet nynorskbøker og utvalet bokmålsbøker. I forhold til lettlestbøker som konsept vil det å ta i bruk talemålsnært språk uansett målform mest truleg vere positivt for forståinga fordi lesarane møter ord som er lette å kjenne att. Det at ein finn ein stor prosentdel bøker med talemålsnært språk også hjå bokmålsbøkene kan altså forklarast ut i frå ynskje om å tilpasse bøkene til lesarane best mogleg. Fordelt etter alder i tillegg til målform ser ein av figur 5.8 at dei eldste aldersgruppene i begge målformer har størst prosentdel bøker med talemålsnært språk, og at dei yngste aldersgruppene i begge målformer har størst prosentdel bøker med normalisert språk. Årsaka til denne fordelinga kan vere at den eller dei som står bak teksten har ein tanke om at det er viktig å lære inn standardisert skriftspråk frå byrjinga av. Seinare, når barnet kan skilje mellom standardisert språk og talemålsnært språk, kan ein tillate seg å ta i bruk talemålsnært språk som eit effektivt middel for å skape gjenkjenning og forståing av språket i teksten.

6.4 Nærstudie av fire bøker

For å eksemplifisere resultata frå undersøkinga vil eg i det følgjande sjå nærare på fire bøker, to på nynorsk og to på bokmål, som representerer dei typiske og utypiske bøkene for kvar målform. Bøkene er altså valde på bakgrunn av kor godt dei stemmer med karaktertrekka til det som ville vere den typiske og utypiske boka på kvar målform. I utvalet fann eg ei bok som hadde samsvarande trekk med den typiske nynorskboka, medan det var fleire alternativ til bøker som kunne representere den typiske bokmålsboka. Av alternativa for den typiske

bokmålsboka valde eg den boka der karaktertrekka var mest utprega og tydelege. I utvalet fanst det derimot ingen bøker som samstemde heilt med trekka til dei utypiske bøkene i kvar målform. Eg valde difor dei bøkene som hadde flest felles trekk med det som ville vere den fullkomne utypiske boka i kvar målform og kunne gi ein tydelegast representasjon.

6.4.1 Typisk nynorskbok

Boka frå utvalet som samsvarar med momenta som karakteriserar den typiske nynorske boka og slik kan tene som døme er *Den gongen eg liksom-døydde* av Bjørn Sortland, gitt ut i serien Lesehesten (for 8-9-åringar) av Aschehoug i 2006. Boka handlar om ein 10 år gamal gut som er på ferie med familien sin. Nede ved sjøen treff han ei jente som han vert forelska i. Ein dag ser han henne saman med ein annan mykje tøffare gut og byrjar å lure på om jenta kanskje likar den andre guten betre. Han sjølv er eigentleg nokså beskjeden, så kva skal han gjere for at jenta skal leggje merkje til han igjen? Jau, den andre guten har sikkert ikkje dykkarutstyr slik som han har, og løysinga vert difor å hoppe i sjøen og gjere eit dykk. Planen verkar, for når han kjem oppatt fattar jenta interesse for han igjen.

Gjennom denne handlinga tek Sortland opp eit lett gjenkjenneleg tema; det å imponere ei jente, og kommuniserer kjenslene kring dette. Det aktuelle temaet gjer sitt til at eg vurderer realismen i boka til høg. Ettersom guten vert kjend med jenta, utviklar det seg eit slags venskap mellom dei, og venskap er difor ein del av tema. Som ein kan sjå av gangen i handlinga er forelskinga likevel ikkje problemfri. Trass i dette har eg vurdert det slik at boka ikkje har innslag av mobbing eller andre former for konflikstar, dette fordi problemet er såpass uskuldig og til slutt endar med å vere ikkje-eksisterande. Både jenta og guten er med familiane sine på ferie og nemner dette og andre ting om foreldra i samtalen dei imellom. På

denne måten har boka innslag av foreldreinvolvering. Samtalen mellom guten og jenta har enkelte innslag av det eg vurderer til å vere talemålsnære ord, som ”oj” og ”nja”, og boka har difor talemålsnært språk. Vidare finn handlinga stad i landlege omgjevnader der det også finst hus, og eg har difor valt bygd som lokalisering. Boka er ikkje ein del av ein serie.

6.4.2 Utypisk nynorskbok

På rømmen i New York av Tor Arve Røssland er den boka som i utvalet hadde flest felles moment med det som karakteriserer den utypiske nynorske boka. Boka er gitt ut av Samlaget i 2008 i serien Grøn komet (for 8-9-åringar). Hovudpersonen i boka er åtte år gamle Figaro som saman med veslesyster Aida på tre år og foreldra dreg på tur til New York der foreldra, som er kjende operasongarar, skal halde konsert. Barnepassar Betty er også med, men ho berre søv og latar seg og passar ikkje på Figaro og Aida som ho skal gjere når foreldra er borte. Aida er fel til å stikke av, og spring og klatrar dei utrulegaste plassar. Når Aida rømmer frå hotellromet og ut i den store byen, er det Figaro som må ta opp jakta på veslesyster.

Jakta viser seg å verte vanskeleg fordi Aida er unormalt rask, spretten og flink til å klatre, og desse usannsynlege eigenskapane er utslagsgivande for at eg vurderer realismen i boka til middels. Fordi handlinga utspeler seg i New York, kan ein slå fast at boka er lokalisert til bymiljø. Sjølv om usikker lokalisering er den minst brukte lokaliseringa i nynorskbøkene, er også tettstad og by nokså lite brukt og kan reknast som utypisk for dei nynorske bøkene. Språket i boka er også i tråd med det som karakteriserer den utypiske nynorskboka, og er normalisert. Vidare er forholdet mellom Figaro og Aida utslagsgivande for at eg vurderer tematikken til ikkje å ha innslag av mobbing eller andre former for konflikttar, og heller ikkje venskap. Trass i at det i boka utspeler seg ein situasjon som i utgangspunktet er konfliktfylt i

forhold til at Figaro er på jakt etter Aida, verkar det som om Figaro godtek Aida sin oppførsel og ikkje vert sint eller ergrar seg når han må jakte på henne. Når Figaro endeleg får tak i Aida, er det heller ikkje snakk om nokon venskap mellom dei. Aida er berre tre år, og ein får inntrykk av at Figaro tenkjer at ho ikkje veit betre og ser det meir som si plikt å ta vare på henne. I tillegg til fråver av mobbing eller andre former for konflikhtar er foreldre involvert i boka, og innslag av desse to momenta gjer at boka avviker frå karaktertrekka til ei utypisk nynorskbok. For at boka skal kunne reknast som ei fullkoma utypisk nynorskbok må den altså ha innslag av mobbing og vere utan foreldreinvolvering. I tillegg skil *På rømmen i New York* seg frå den utypiske nynorske boka ved ikkje å vere seriebok.

6.4.3 Typisk bokmålsbok

Fotballaget Froskene 3: Treningsleiren av Bjørn Ingvaldsen er den boka blant dei som kunne tene som døme på typiske bokmålsbøker der dei karakteristiske trekka tydelegast kom fram. Boka er gitt ut av Gyldendal i 2009, og inngår i serien Mer å lese (for 8-9-åringar). Som tittelen tilseier er boka den tredje i serien om fotballaget Froskene. I tillegg til å vere ein del av ein serie har boka talemålsnært språk, som også er i samsvar med kva som er typisk for bokmålsbøker. Språket vurderer eg til talemålsnært på grunn av ord som ”eh”, ”smarten” og ”pøh” i teksten. *Fotballaget Froskene 3: Treningsleiren* handlar om venegjengen frå Blokkene som har starta å spele fotball ilag. Dei har meldt seg på Gatecupen, men kjenner seg som nybyrjarar på fotballbanen. For å verte betre i fotball reiser dei på treningsleir i pinsa til Romsøya. Også to andre lag i tillegg til Froskene er på leir på Romsøya, og saman vert dei trena av landslagsspelaren Ola Bjarne Risvik. Utanom fotballtreninga kosar Froskene seg med både bading, sykling og grilling på øya. Når dei kjem heim vinn dei den neste kampen i Gatecupen, og foreldre og naboane inviterer til vaffelfest for laget. I tillegg til å hjelpe til med

vaffelfesten er nokre foreldre også med til Romsøya, og foreldra er slik klart involvert i boka. Fordi fotballaget består av ein venegjeng som på treningsleiren får vere mykje i lag gjennom mange sosiale aktivitetar, står venskap fram som eit sentralt tema. På treningsleiren har laget heller ikkje trøbbel med bøllejentene Sally og Sara som er heime, og mobbing eller andre former for konflikhtar er difor ikkje ein del av boka. Sjølv om det meste av boka utspelar seg i landlege omgivningar på Romsøya vurderer eg lokaliseringa i boka til by, fordi medlemene på laget bur i blokker og reknar byen som heimstaden sin. Vidare er handlinga heile tida røyndomsnær, og graden av realisme er difor vurdert til høg.

6.4.4 Utypisk bokmålsbok

